



HØYRINGSFRAMLEGG

KULTURMILJØPLAN FOR SOLUND

2024 - 2036





Innhald

1.	Innleiing	3
1.1	Kva er kulturminne og kulturmiljø?	3
1.2	Kvifor lagar Solund kommune ein kommunedelplan for kulturmiljø?	3
1.3	Mål med planen	5
3	Solund gjennom tidene – eit kulturhistorisk riss	6
2.1	Innleiing	6
2.2	Eldste spor etter menneske i Solund	6
2.3	Eldste skriftlege kjelder	6
2.4	Leveveg og ferdsselsveg	7
2.5	Krigsåra	7
2.6	Etterkrigstida - Solundsamfunnet i endring	7
3	Prioriterte kulturminne i Solund	9
3.1	Fornminne	10
3.1.1	GRISEHELLAREN PÅ HERSVIK	10
3.2	Kulturlandskap	11
3.2.1	UTVÆR FYRSTASJON	11
3.2.2	HUSØY	12
3.2.3	RÅKENESET HUSMANNSPASS	14
3.2.2	LITTLE FÆRØY HUSMANNSPASS	15
3.2.3	KULTURLANDSKAPET OG UTEFLOREN VED VALSVATNET	15
3.3	Naust og sjøhusmiljø	17
3.3.1	BÅTNAUST SKARNAGEL	17
3.3.2	HARDBAKKE INDRE HAMN	18
3.3.3	INDRØY HANDELSSTAD	19
4	Handlingsprogram	21
	Tiltak – innspel til økonomiplan	21
	Satsingar - ikkje prioriterte tiltak	23
5.	Rammer for arbeidet	24
5.1	Bakgrunn for planen	24
5.2	Føringar	24
5.3	Definisjonar av omgrep	26
5.4	Kriterium for vurdering av kulturmiljø og kulturminne i planen	28
	Vedlegg 1: Kulturminne og kulturmiljø i planen	29
	Vedlegg 2: Kjelder til vidare kunnskap om kulturminne i Solund	51



1. Innleiing

1.1 Kva er kulturminne og kulturmiljø?

Kulturminne er, ifølge kulturminnelova, alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, medrekna lokalitetar knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon. Slike menneskelege spor kan vere enkeltminne som fartøy, bygg, andre objekt eller miljø. Med kulturmiljø er meint område kor kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturminnelova og Riksantikvaren gjev ikkje nokon historisk avgrensing.

Riksantikvaren peikar dessutan på at kommunen sjølv definerer kva kulturminne og -miljø som er verneverdige og som bør inngå i kommunal plan. Utgangspunktet må være kommunen sine behov og føresetnader. I planprogrammet til denne planen prioriterer Solund kommune kulturminna **naust og sjøhusmiljø, fornminne og kulturlandskap**. Det kommunane sjølve som definerer innhaldet i ein kulturminneplan, og kan trekke inn frivillige i arbeidet.

Planen vil og vere viktig for eigrarar av kulturminne. Eit kulturminne si forankring i planen kan vere viktig med tanke på tilskotsordningar, og tilgang på tilrettelegging for bruk og vedlikehald. Om ein eigar får tilskot til istandsetting eller vedlikehald, inneber det også ei forventning om at ålmenta skal få tilgang til å oppleve kulturminnet. Nasjonalt blir det peikt på at kulturmiljø er felles godar, og ein viktig samfunnsressurs som kan bidra til både miljømessig-, sosial- og økonomisk berekraft. For at desse faktorane skal bli aktivert, må ein kjenne til kulturminna og verdien dei ber på. Kulturminne og kulturminnemiljø er del av grunnlaget for identitet, då dei gjev innhald til historia om staden, bygda og kommunen. Kjennskap til kulturminne og -miljø er viktig for samkjensle og aktivitet i lokalsamfunnet, anten ein er ny i Solund eller ein har røtene sine her. Kulturminne kan også verke som ein sterk faktor for vidare utvikling av eksisterande eller ny næring.

Handlingsprogrammet viser konkrete tiltak og satsingar for vidare arbeid med kulturmiljø og -minne i Solund kommune.

1.2 Kvifor lagar Solund kommune ein kommunedelplan for kulturmiljø?

Plan- og bygningslova seier at kommunen kan lage kommunedelplan for bestemte tema eller verksemdsområde i kommunen. Til slike planar er det knytt prosesskrav i følgje lova, og desse kan du lese meir om under kapittelet 5.2 «Føringar». Med bakgrunn i kommeuneplanens samfunnsdel (KPS) i Solund, og tilrådingar frå regional og nasjonal kompetanse og mynde, ønskte kommunen å lage ein kommunedelplan som synleggjer og bidreg til å ta vare på viktige kulturminne i kommunen, med vekt på naust og sjøhusmiljø, fornminne og kulturlandskap. Gjennom planen skal kommunen også vise korleis vi kan forvalte desse. Kommunen og innbyggjarane – både privatpersonar, næringsliv, lag og organisasjonar, har verkemiddel for bruk og vern av kulturminne og kulturmiljø.

Verkemiddel

Synleggjering av kulturminne og -miljø gjennom ein plan kan aktivere ulike verkemiddel, til dømes:

- Grunnlag for tilskot:
 - Kulturminnefondet: <https://kulturminnefondet.no/jeg-skal-soke/>
 - Riksantikvaren: <https://www.riksantikvaren.no/tilskudd/oversikt-over-tilskuddsordninger/>



- Private tilskotsordningar: <https://www.bryggogbevar.no/pusse-opp/tilskudd/artikler/private-stiftelser-og-fond>
 - Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, forvalta av kommunen: <https://www.solund.kommune.no/tenester/naring-miljo-og-jordbruk/jordbruk/tilskot-jordbruket/>
- Kulturminne og -miljø kan gje grunnlag for næringsutvikling, t.d. landbruk, tenesteyting og opplevelingsturisme.
 - Mobilisering av frivillighet og samskaping lokalt: Lokalmiljøa kan arbeide med felles identitetsskapande prosjekt for bygder og heile kommunen. Ein kan til dømes skipe venelag kring kulturminne, som Vener av Utvær. Dette kan gjere det enklare å søke tilskot og gjennomføre bevaring, tilgjengeleggjering, og gje grunnlag for ny bruk i tråd med kulturminneverdien.
 - Kulturminne kan vere grunnlag for kompetanse og livsutfalding: Alle kan få opplevelingar og innsikt ved å bruke eller bidra til vern av lokale kulturminne gjennom organisasjonsarbeid, skule, barnehage og omsorgstenesta. For nye, tilflytta innbyggjarar, kan lokal historie og kulturminne bidra til trivsel, gjennom kunnskap og opplevelingar.
 - Kulturminne og -miljø kan gje innhald eller innramming til aktivitetar innafor ordninga Den kulturelle skulesekken (<https://www.denkulturelleskolesekken.no/forside/om-dks/kulturarv-i-dks/>)
 - Kommunalt
 - Regionalt
 - Statleg
 - Kommunen (mellom andre sektor for plan og teknisk og sektor for samfunns- og næringsutvikling) kan gje rettleiing til forvalting av kulturminne og -miljø som er i privat eige. T.d. bidra med rettleiing knytt til vedtekne arealplanar, og bruk av digitale karttenester, og tilskotsordningar.

Verkemidla i Solund blir konkretisert i handlingsprogrammet. I handlingsprogrammet vil ein difor vise konkrete tiltak og satsingar framover, og dette vil verte vurdert rullert kvart 4. år.

Handlingsprogrammet i KDP fungerer som eit innspel til økonomiplan og budsjett, og vil bli vekta mot andre satsingar i andre planar og strategiar. Handlingsprogrammet skal som ein regel opp til politisk handsaming kvart fjerde år. Kvart år skal administrasjonen revidere handlingsprogrammet (jf. Pbl §11-2) på den måten at dei vurderer tiltaka opp mot kommunen sin økonomiplan, og orienterer formannskapet. Formannskapet kan løfte ei slik revidering vidare, om dei meiner det bør gjerast endringar. Økonomiplan og budsjett fungerer som eit årleg handlingsprogram for Solund kommune, og slik rullert årleg, jamfør plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd.

Ein kulturmiljøplan kan også synleggjere interessekonfliktar. Bandlegging av areal gjennom omsynssoner og vern av einskilde kulturminne kan vere utfordrande for grunneigarar og allereie etablert aktivitet. Solund kommune har eit ansvar for å ta i vare kulturminna, og til ein viss grad gjere dei tilgjengeleg for allmenta. Dette gjer vi gjennom denne planen, og gjennom omsynssoner med føresegner i kommuneplanen sin arealdel og eventuelt andre arealplanar.

For å vurdera kulturminna er det vanleg å nytta tre typar kulturminneverdiar: kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi.



Dette korresponderer godt med mål og prioriteringar som er gjort i Solund kommune- sitt planarbeid.

1.3 Mål med planen

Kapittelet skildrar mål, organisering, medverknad og relevante aktørar i prosessen.

Vedteke planprogram seier at mål for arbeidet med kulturminneplanen er at vi skal:

- få auka kunnskap og medvit om kulturminneverdiane i kommunen
- ha oversyn og gjere verdsetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap
- bidra til at dei nasjonale databasane Askeladden og Kulturminnesøk til ei kvar tid er oppdaterte
- bidra til betre forvaltning av kulturminne, mellom anna gjennom bruk av plan- og bygningslova
- utvikle eit godt samarbeid mellom ulike aktørar
- ha samarbeidsmodellar mellom lokale kunnskapsmiljø som er gode på lang sikt

Det er såleis ikkje eit mål med planarbeidet å kartlegge og vise alle kulturminna i Solund kommune.

Dei tre hovudtema som er prioriterte i planprogrammet; naust og sjøhusmiljø, fornminne og kulturlandskap, kjem vi nærmare inn på under. For å nå måla for planarbeidet, seier også planprogrammet at eit val av satsingsområde inneber at kommunen i denne omgang vel vekk andre område. Eit representativt utval av kulturminne og –miljø som fell utanfor dei prioriterte kategoriane, vil få ein kort omtale i kulturminneplanen, men vert ikkje tekne inn i handlingsprogrammet.

Organisering av arbeidet og medverknad i prosessen

- Formannskapet har vore styringsgruppe
- Innleigd fagkonsulent med lokal tilknyting har bidrige i arbeidet
- Sektor for samfunns- og næringsutvikling har hatt prosjektleiar for planarbeidet
- Administrasjonen har sytt for medverknad internt og eksternt

Kommunen bad sommar og haust 2022 om innspel frå innbyggjarane, dessutan har administrasjonen hatt verkstad med ungdomsskuletrinnet, fått innspel frå barnas representant, ungdomsrådet har fått arbeidet presentert, og administrasjonen har gjennomført intern medverknad i alle kommunen sine sektorar. Arbeidet var presentert som ei orientering for formannskapet mars 2023.

Planen har vore på høyring i tråd med prosesskrav i plan- og bygningslova.



3 Solund gjennom tidene – eit kulturhistorisk riss

2.1 Innleiing

Ser me rundt oss i Solund, er det ikkje vanskeleg å sjå spor av menneske før oss. Landskapet er prega av at her har budd menneske i fleire tusen år. Nokre bygningar og restar av bygningar fortel om levd liv fleire hundre år attende i tid, og nyare bygg fortel om at her finn folk framleis livsgrunnlag.

Solundsamfunnet har endra seg svært mykje over tid. Folketalsutviklinga fortel om endringar i levegrunnlaget og levesett. I dag er folketalet attende til det folketalet var på byrjinga av 1800-talet. I løpet av 1800-talet vart folketalet meir enn dobla, til rundt to tusen år 1900. Medan ein familie i dag gjerne har 2 born, syner «Solund gards- og ættesoga» at her tidlegare ikkje sjeldan var barneflokkar på over 10. Folketalet heldt seg nokolunde stabilt til utpå 1950-talet. Då gjorde nedgangen i fiskeressursane og samfunnsutviklinga elles sitt til at sentraliseringa skaut fart i heile Norden, men hus og spor etter menneske i dag fortel tydeleg at her har det budd langt fleire menneske enn det gjer i dag.

Tidlegare budde folk naturleg nok nærest der dei fann levebrødet, og ved transporthovudvegen, som var sjøen og leia. Kjelder fortel t.d. at på Utvær skal det ha vore 60 rykande piper. No er vi meir mobile på land, og hovudtyngda av busetnad er i og kring Hardbakke. Dei siste tiåra ser vi ei endring i kven som bur i Solund, og samfunnet er meir mangfaldig språkleg og kulturelt med fleire tilflyttarar frå landet elles og frå mange andre land. Om ein ser på næringslivet, er framleis mykje av sysselsettinga knytt til sjøen, med fiske, akvakultur, sjøtransport, verft og mekanisk verksemd.

2.2 Eldste spor etter menneske i Solund

I tusenvis av år fram til for rundt 11500 år sidan hadde landskapet på vestlandet vore dekka av is. Då istida sakte gjekk attende, kom plantar, dyr og menneske til kysten. Kysten vart isfri først og gav levegrunnlag. Kor lenge det har budd folk i Solund er det ingen som veit, men fornminne fortel om at her har vore menneske i mange tusen år.

Her er fleire hellerar og gravrøyser ulike stader i Solund, som syner at her har budd menneske gjennom lange tider. I åra 1963-1965 var det arkeologiske utgravingar i **Grønehellaren** i Ytre Solund. I nordisk samanheng er det berre gjort nokre få slike funn, og funna syner at dette ikkje var ein tilfeldig opphaldsstad, men ein fast bustad, med ulike busettingsfasar frå eldre steinalder (9.500 - 4.000 f.Kr.) og fram til yngre jernalder (1.050 e.Kr.) (<https://digitaltmuseum.no/021029844367/b11671>, Universitetet i Bergen, arkeologibasen). Utanom mange prøvestikk, er det i Solund Grønehellaren den einaste helleren der det har vore arkeologiske utgravingar.

2.3 Eldste skriftlege kjelder

Namnet Solund er kjend alt i Egilssoga, som har handling frå 900-tallet, men først fekk si skriftlege form på 1200-tallet. I Olav Trygvassons saga fortel Snorre Sturlason om at Harald Gormson danekonge (ca 925-ca 987) kom med hæren sin til nokre øyar som heiter Solund.

I Harald Hardrådes saga fortel Snorre om at hæren til kong Harald samla seg ved Solund. Derifrå for kongen vestover, der han fall i slaget ved Stamford Bridge 25. september 1066. Han hadde nær 200 skip, i tillegg til proviantskip og småskuter.

Skriftlege kjelder elles er det få av, men mellomalderkjeldene fortel om kyrkjehus både på Utvær, på Lågøy og på Losna. Solund ligg midt i skipsleia, og mang ein pilegrim har nok nytta kyrkjestedene som kvilestader og til venting på høveleg vær og bør på seglasen nordover eller sørover.



Nord på Losna stod ei kyrkje På 1300-talet, med kyrkjegard rundt. Sør på Losna er det kvernsteinsbrot og nyare undersøkingar ved arkeolog (2022) fortel at her har vore langt større verksemder enn ein tidlegare har trudd og at hovudaktiviteten kan ha gått føre seg i høgmiddelalderen, noko som i tid fell saman med Losnaætta si stordomstid.

2.4 Leveveg og ferdselsveg

Fiskarbonden var nemninga på levevegen i Solund heilt opp til vår tid. Mannen dreiv fiske, medan kona i stor grad hadde ansvaret for gardsdrifta, heimen, borna og gjerne eldre familiemedlem og andre som trong stell. Eit krevjande og arbeidsamt liv, samstundes som både jorda og havet gav livsgrunnlag.

Med unnatak av ridevegen mellom Hardbakke og Hop (ca 1860), kom dei fyrste vegane i Solund ikkje før på 1960-talet og sjøen var slik einaste ferdselsveg der ein ikkje kunne gå. Det har prega kvar og korleis sulingen bur. Våningshusa skulle ofte ha plass til fleire generasjonar. Gardshusa skulle ha høve til å ha eit par kyr, grisar og nokre sauherd, alt etter som ein kunne skaffe fôr til. Sjøhusa var svært viktige, med naust, sjøbu, skjå for båtar og det ein trong for å drive fiske. *Solund Gards- og ættesoge* fortel om at her dyrka ein òg korn og anna til livsoppfaldet.

Utdanning var det få som hadde høve og økonomi til. Etter konfirmasjonstida fann dei fleste menn levevegen på sjøen, medan kvinnene hjelpte til heime eller kom i teneste. Fyrst ei stund etter 2. verdskrigen fekk fleire høve til utdanning og eit rikare yrkesval.

Solund ligg midt i skipsleia både nord-sør og ved innseglinga til Sognefjorden. Sidan sjøen var ferdselsveg og folk budde spreidd med rundt 2000 busette år 1900, var her mange handelsstadar og landhandlar, post, telegraf og dampskipsekspedisjonar, heile 17 skulekrinsar på det meste og mykje trafikk sjøvegen innan kommunen og gjennom kommunen. Sjøtrafikk, lokalt og trafikken inn og ut Sognefjorden, og nord-sør i leia, pregar også i dag Solundsamfunnet.

Fisket var tidlegare prega av heimefisket med kvar sin båt og dei store fiskeria. Færingen, rogavlen og andre båttypar vart nytta, alt etter kva slag fiske det var snakk om. Etter kvart vart båtane større og rekkevidda lengre. Her har vore mange mindre og større reiarlag og i dag er her framleis fleire reiarlag, med større og mindre båtar. Fram til slutten av 1990-talet var her enno 3 fiskemottak i Solund (Buskøy, Ytrøy og Husøy), medan det i dag ikkje er nokon. Dette fortel om dei store endringane i fiskeria, og at det ikkje lenger er nok lokale båtar til å kunne drive fiskemottak her.

2.5 Krigsåra

Krigsåra sette djupe spor i Solundsamfunnet. Minnestøttene som vart reist utanfor kvar av kyrkjene fortel om dei som falt under krigen og her er fleire synlege krigsminne som òg fortel mykje, slik som ruinane etter vaktposten på Oddenova, kanonstillinga ved Utvær fyr, Laksehytta nord for Hjørnevegåg som var skjulestad og minneplata på Ospa over motortorpedobåten MTB 345. Andre som ikkje lenger er synlege, er våpenlagra som t.d. var i Begla og på Ospa. Mykje av det sulingar opplevde i krigsåra er fortalt vidare òg i skriftleg form, slik at krigssoga vert formidla vidare til nye generasjonar.

2.6 Etterkrigstida - Solundsamfunnet i endring

Etterkrigstida har endra Solundsamfunnet svært mykje. Reduksjonen i fiskeressursane frå 1950-talet, gjorda at mange valde eller måtte flytte for å finne arbeid, særleg til området rundt Bergen. Med oppbygging av kommunesenteret Hardbakke, med sjukeheim, ungdomsskule og kommuneadministrasjon, har fleire og fleire busett seg i sentrum, bygt hus og funne arbeid her, samstundes som særleg folketalet rundt om på øyane har gått ned.



Dei siste ti-åra har òg mange tilflyttarar frå andre stader i landet vårt og frå mange andre land gjeve nye impulsar til Solund-samfunnet. Mellom 25 og 30 nasjonalitetar fortel om at mange opplever Solund som ein stad dei vil bu.

Samstundes er her truleg fleire bustadhus enn noko gong, og dei fleste eldre hus rundt om i Solund vert tekne godt vare på av eigarane, sjølv om svært mange hus no er fritidshus.



3 Prioriterte kulturminne i Solund

I planprogrammet til dette arbeidet har politikarane prioritert tre tema for kulturminne:

- Fornminne
- Kulturlandskap
- Naust og sjøhusmiljø

Fleire av dei konkrete kulturminna som er prioritert i planen, har element av dei tre temaa. Dette gjeld særleg temaa «kulturlandskap» og «naust og sjøhusmiljø», som ofte er kombinert. Vi har valt å plassere dei der vi meiner dei har hovudvekta.

Prioriteringa er tenkt slik at verkemidla og tiltak i handlingsprogrammet særleg skal rette seg mot desse utvalde kulturminna.

Fornminne er et synonym for arkeologiske kulturminne. Dette er fysiske spor og leivningar etter tidlege tiders liv og verksemd, der utgraving og dokumentasjon utgjer hovudkjeldene til kunnskap om og oppleveling av fortida sine samfunn.

Det vi tradisjonelt oppfattar som kulturlandskap, er det kultiverte landskapet, det vil sei naturområde som er tatt i bruk, omforma og/eller dyrka for jordbruksformål, rekreasjon eller som større hage- og parkanlegg, men der naturverdiane stadig dominerer. Det upåverka naturlandskapet er kulturlandskapets motsetnad. I Solund er kulturlandskap gjerne samansett og viser samanheng mellom ulike aktivitetar, t.d. jordbruk, busetnad og fiskeri.

Naust og sjøhusmiljø er sentrale element i kulturhistoria og kvardagen i Solund. Dette er kulturminne som er teke i vare og verdsett ulikt. Nokre har fått tilskot frå ulike ordningar frå kulturminnemynde, og i og med dette har dei blitt vurdert til å ha verdi for allmenta.

Vi skil gjerne mellom automatisk freda kulturminne (før reformasjonen i 1537) og kulturminne frå nyare tid. Det som er nyare, er det ikkje knytt automatisk freding til, men kan vere omfatta av ulike gradar vern og av særskilt fredingsvedtak etter ei vurdering.

Kommunen har prioritert kulturminne i høve føringar frå politikarane og dei råda vi har fått frå kulturminnemynde på regionalt og nasjonalt nivå. Ved ein årleg vurdering av handlingsprogrammet, og rullering med politisk handsaming kvart fjerde år, vil det vere høve til å prioritere nytt mellom dei kulturminna som er nemnt i planen med vedlegg.

Dei fleste er kjende for kommunen frå før eller dei blir synleggjort gjennom denne planen. Det har kome innspel frå innbyggjarar som har vore med i vurderinga. Det har òg kome innspel etter fristen, og så seint i prosessen at administrasjonen ikkje har hatt høve til å handsame dei i denne omgangen.



3.1 Fornminne


Typiske fornminne, som er automatisk freda kulturminne frå steinalderen til mellomalder, kan vere gravhaugar, buplassar, rydningsrøyser, helleristingar, fangstgroper og hustufter. Fornminna i Solund er i dag lite kjent for folk flest, men det er registrert ei rekke hellerar og gravrøyser som er automatisk freda. Landskapsformene i Solund har vore attraktive som midlertidige og faste buplassar i tidlege tider.

3.1.1 GRISEHELLAREN PÅ HERSVIK

G.nr./b.nr.: 55/42

Ask.ID: 55283

Status: Automatisk freda



Grisehellaren i Hersvikbygda er eit døme på automatisk freda kulturminne, altså fornminne. Her er det gjort fleire prøvestikk av arkeolog, som m.a. viser at «Dei øvste 15 cm var husdymøkk, i dei nedste 20 cm var der mørk og kolholdig jord som inneholdt bein og skjel.» Området er registrert som busetnad og aktivitetsområde i [Kulturminnesøk.no](#).



Hellaren kalla Grisehellaren (også omtala som Griseparken) sett frå vegen, mot søraust (markert med raud ring). Foto: Bark-rapport.

Å få fram kunnskapen vi har om fornminna frå Solund og bruke den til formidling av livet til dei fyrste menneska i Solund har verdi m.a. for opplevingar og bygging av identitet til etablerte og nye innbyggjarar. I arbeidet med denne planen har kommunen samarbeidd med Vestland fylkeskommune, som vil bidra til eit formidlingsopplegg kring automatisk freda kulturminne frå steinalderen til mellomalder (sjå handlingsprogrammet).



3.2 Kulturlandskap

Spora etter bruken av natur og landskap i Solund er godt synlege, med representativ byggeskikk i velhalde kulturlandskap. Dette må takast i vare på ein berekraftig og langsiktig måte, mellom anna for formidling og vidare bruk. Menneska har prega og pregar landskapet med sin aktivitet og i Solund er det fine døme på kulturmiljø samansett av bygningar og opparbeidd landskap som vitnar om dette.

Samfunnssdelen har delmål om å legge til rette for fleire husdyr og aktivt utmarksbeite, og ta vare på dette kulturlandskapet sin særeigenheit. I Solund er det tradisjon for fiskarbonden sin levemåte, med kombinasjonen sau som beitar på lynchhei på øyar og holmar og innmarksbeite som er delvis opparbeidd, i kombinasjon med fiskeri og anna sjørelatert aktivitet.

3.2.1 UTVÆR FYRSTASJON

Aller lengst vest i Noreg ligg Utvær. Utvær er eit heilskapleg fiskevær, med både kulturlandskap som vert halden i hevd som sauebeite, mellomalderkyrkjestad, mange bygningar og fyrstasjonen med sine 7 bygningar. Vinterstid bur her ingen no lenger, men sommarstid vert dei mange husa fylt av ferierande. Mange turistar vitjar øyene fyret og går Nordsjøløypa rundt Utvær.

Øyane har slik fine formidlingsverdiar i dag, også i regional samanheng, som bør vidareførast, og dette er i stor grad ivaretakke gjennom vern av bygg og areal.



Sørleie delen av Utvær, sett frå toppen av fyret.

Fyrmeisterbustaden er i framgrunnen. Foto 2021: Bjørn Magne Hansen

G.nr./b.nr.: 1/1

Ask ID: 87351

SEFRAK nr: [14120106082](#)

Status: Vedtaksfreda 02.11.1999

Utvær fyrstasjon vart oppretta i år 1900 og er eit kystfyr. Fyrstasjonen omfattar 7 bygningar: Fyr, bifyr, maskinhus, arbeidsrom (delvis bustad), uthus, fyrmeisterbustad (innreia som fellesbustad), og naust. I tillegg er området rundt stasjonen freda (11.12.2017).



I Bjørgyngjar Kalvskinn er Utvær kapell omtala frå før år 1350. Ved kapellet var det òg kyrkjegard. Ein kan følgje kapellet si soge fram til hausten 1717, då det vart teke ned og så sett opp att året etter på Husøy.

I alle tider var fisket hovudnæringsvegen på Utvær. Kort veg til fiskefeltet gjorde Utvær til eit senter i sesongbasert fiskeri. Men før moloen mot nord vart bygt, kunne svære brot ved dårleg vêr stå inn Nordsundet og inn i vågen. Etter eitt års byggjetid stod moloen ferdig hausten 1918. Dei store steinblokkene var skotne ut på staden.

Vener av Utvær er eit frivillig lag som bidreg til forvaltinga av bygningsmassen som Kystverket eig. Dei gjer kvart år vedlikehaldsarbeid i tråd med fredinga av staden, godkjend av Kystverket, fylkeskommunen, og i samarbeid med profesjonelle handverkarar. Vener av Utvær bidreg og med formidling av kulturhistoria og sjølve kulturminne, då dei er vertskap for turistar og andre besökande på sommaren. Dei driv kafé, gjev omvising og sel suvenirar med motiv frå fyret. Utvær fyr som kulturminne er slik ein ressurs i lokalsamfunnet. Arbeidet til Vener av Utvær er dugnadsbasert, og medlemane av Vener av Utvær får bu som vertskap på fyret.

3.2.2 HUSØY

Husøy ligg ikkje så langt sør for Utvær, med Indrevær og Nautøy som naboøyar. Her er ikkje lenger fast busette, men både husa, kulturlandskapet og kyrkjestaden fortel tydeleg om at her har budd folk og vore stor aktivitet i si tid.

Husøy handelsstad

G.nr./b.nr.: 4/1, 2, 3, 4, 6, 7

Ask ID: Nei, ikkje registrert i Kulturminnesøk.no

SEFRAK nr: [14120101130](#), [14120101136](#), [14120101135](#), [14120101131](#)

Status: Ingen særleg status

Husøy vart alt på 1600-talet handelsstad og gjestgjevarstad. I dag ser ein på austsida av vågen synlege spor etter stor aktivitet her, med 6 bygningar og grunnmurar til 7 andre. Frå gamalt av var Husøy ein stad der fiskarane samla seg til vårsildfisket. I ein periode i siste halvdel av 1700-talet eksporterte kjøpmann Vilhelm Lexau fiske for om lag 10 000 riksdalar årleg. Her har vore dampskipsekspedisjon og post.

Storebua (sjøbua) var fiskemottak fram til rundt år 2000. Bua er frå slutten av 1700-talet og måler heile 16,5 x 9 meter. I tillegg er her fleire bygningar frå 1700-talet og 1800-talet. Borgarhuset var hovudbygningen på Husøy. Det vart bygt om lag år 1787 og skal etter tradisjonen ha kome frå Kinn, der det var prestegard. Huset var heile 20,3 x 7,5 meter. Borgarhuset vart diverre rewe i 1975. Det er restar etter grunnmurane til borgarhuset, eit par naust, ei skjenkestove, eit eldhús og ei lita stove.

Driftsbygningen står litt nordom husa og eldste delen der er òg frå slutten av 1700-talet. Nytt våningshus med krambu i kjellarhøgda vart bygt i 1954 og her er òg kaia som vert nytta som hovudkai på Husøy. Mellom Storebua og grunnmuren til Borgarhuset ligg Storetjørna. Denne vart oppdemma om vinteren for issaging for frysing av fisk.

På sørsida av Husøyvågen ligg Kirkøy. Utvær kapell vart flytta i 1717 og sett opp året etter på Husøy. I 1896 vart ny hovudkyrkje for Husøy sokn bygt i Straumen, sidan folketallet på Ytre Sula gjennom 1800-talet hadde auka monaleg. Kyrkjedepartementet avslo øyfolket sin inderlege søknad om å få behalde kyrkja ute på Husøy og den vart rive rundt år 1900 og seld på auksjon og står no som bedehus på Leirvåg i Austrheim. Kyrkjegarden er derimot framleis i bruk og halden ved like. I



Husøyvågen er eiga kyrkjekai med steinsett mur på kvar side, med gangveg opp til kyrkjestaden. Der utgjer eit lite klokketårn inngangen til kyrkjestaden. Kyrkjeklokka frå 1722 kling kvar gong her er gravferd eller gudsteneste. Kyrkjestaden kan nok godt vere landets vestlegaste som framleis er i bruk.



Dronebiletet syner heile Husøy, med handelsstaden i nord, og Kirkøy med kyrkjestaden i sør. Her er ein lun våg og ei lita gangbru mot søraust gjer det lett å gå over. Foto: Stig Steinsund

Dette gamle postkortet frå tidleg på 1900-talet syner Husøy sett frå nord. Lengst til høgre ser ein Borgarhuset. Lengst til venstre i bakkant av biletet skimtar ein klokketårnet og kyrkjestaden. Foto utlånt av Solundarkivet (Solund sogelag).





3.2.3 RÅKENESET HUSMANNSPASS

G.nr./b.nr.: 28/3

Ask ID 87373

Status: Vedtaksfreda 25.01.1993

Råkeneset husmannsplass er freda og fredinga omfattar stove, naust og vedskjul/utedo, i tillegg til eit område rundt bygningane for å ta vare på verknaden av kulturminna i miljøet (freda 11.12.2017).

Det tidlegare fjøset, no hytte, inngår òg i fredinga. Bygningane er frå etterreformatorisk tid.

Ytre Sogn turlag leiger husmannsplassen av den private eigaren og plassen vert nytta som turisthytte.

Plassen ligg idyllisk til ved Liasundet, med tilkomst frå sjøen, men òg med tilkomst ved sti frå køyrevegen nord mot Strand og Avløyp.



I dag byggjer ein husa slik at ein får mest mogleg utsyn. Då husa i Råkeneset vart bygt, tenkte ein i staden på å byggje i ly for vær og vind og slik lette vedlikehald av bygningane. Foto 2022: Bjørn Magne Hansen



3.2.2 LITTLE FÆRØY HUSMANNSPASS

G.nr./b.nr.: 23/4,5

Registrert i Kulturminnesøk: Nei

Ask ID: Nei

Status: Ingen

SEFRAK nr: [14120106121](#), [14120106122](#), [14120106123](#), [14120106124](#),
[14120106125](#), [14120106126](#)

Little Færøyna ligg lunt til ved leia i Midtre Solund. Her på husmannsplassen har folk funne levegrunnlag både med jordbruk og fiske. No er staden drive som kystkultursenter av Little Færøyna Kystkulturlag



Little Færøy slik ein møter husmannsplassen når ein kjem til hovudkaia, med skjåen, naustet og våningshuset. Foto: Bjørn Magne Hansen

3.2.3 KULTURLANDSKAPET OG UTEFLOREN VED VALSVATNET

G.nr./b.nr.: 26/4

Registrert i Kulturminnesøk: Nei

Ask ID: Nei

Status: Ingen

SEFRAK nr: [14120106082](#)

Uteflorene hører til gardsbruket kalla Teigen. Garden ligg ved Hardbakkevika, med fleire SEFRAK-registrerte gardshus, samt sjøbu og på vestsida av vika mot Teigeneset, naust og uteflor. Fram til i 1970 åra hadde garden kyr som gjekk ved Valsvatnet og her var sauher fram til rundt år 2000. For få år sidan starta Hardbakke Villsaulag opp, og no er området rydda og tilrettelagt som beite for villsauene.



I SEFRAK-registreringa frå 15.07.1992 syner bileta at utefloren held på å rase saman. Det skjedde i 1989-90 i følgje dåverande eigar. I dag står berre den steinsette grunnmuren att, med nokre få restar av treverk. Utefloren er i SEFRAK-registreringa tidfest til 1800-talet. Bygget måler 6,1 x 4,9 meter og oppi bakken ovanfor Valsvatnet, med beite ned mot vatnet. Innreveggen i utefloren er samstundes del av steingarden som går heilt ned til vatnet. Utefloren representerer ei vanleg driftsform i Solund og på vestlandet, der avstanden frå gardshusa til utmarka gjorde at ein såg føremon i det å ha ein flor.



I framgrunnen skimtar ein grunnmuren til utefloren, skjult av vegetasjon. Herifrå ser ein sørover mot Valsvatnet. Foto 2023: Bjørn Magne Hansen



Utefloren, slik den såg ut på 1980-talet. Steingarden som går frå sjøen og endar som grunnmur i utefloren. Foto: Bjørn Magne Hansen og Magne Hamre



3.3 Naust og sjøhusmiljø

Busetnaden i Solund er i stor grad knytt til sjøen. Om ikkje våningshusa låg ved sjøen hadde alle gardar likevel eit eller fleire naust eller andre sjøhus.

Det finst ei rekke kulturminne i Solund som gjennom vurdering og vekting administrasjonen har gjort, får høg verdi ut frå dei kriteria som er gjeve frå politikarane og kulturminnemynde. Mellom desse er det kulturminne som allereie har ein status som gjer at dei blir teke godt i vare, t.d. gjennom vern (Utvær og Råkeneset) og ved at dei har fått midlar til istandsetting (t.d. krambunga på Hersvik eller Indrøy handelsstad). Vidare har administrasjonen vurdert å prioritere kulturminne som ikkje er teke særskild i vare frå før.

3.3.1 BÅTNAUST SKARNAGEL

Gard nr 51 bruk nr 1

Registrert i Kulturminnesøk: Nei

Ask ID: Nei

Status: Ingen

SEFRAK nr: [14120110014](#)

Naustet hører til gardsmiljøet på Skarnagel. Gardshusa ligg eit stykke opp frå sjøen og frå husa går det ein steinsett veg ned mot sjøen. På vegen passerer ein grunnmuren til skulehuset som i si tid stod her. Ved sjøen var det både sjøbu og naust. Men det er no berre naustet som står att.

Naustet er tidfest til 1800-talet, med kledning frå 1900-talet. I følgje SEFRAK-registreringa 22.11.1993 måler det 13 x 5,2 meter, med 4 grinder og murvegg av Stein i sør. Murvegg av Stein er sjeldan i Solund. Få meter frå naustet ligg grunnen til sjøbua som fram på 2000-talet òg stod her.

Naustet representerer ein viktig historisk byggjeteknikk. Med skulehuset for Austrefjorden plassert her, var Skarnagel då eit viktig samlingspunkt for fjorden.



Båtnaustet i Skarnagel. Foto 2022: Oddlaug Skarnagel Hansen, Bjarne Skarnagel, Målfrid Undertun



3.3.2 HARDBAKKE INDRE HAMN

G.nr./b.nr.: 26/1, 4, 8, 18, 84, 91 og fleire

Registrert i Kulturminnesøk: Fleire, m.a. 241423

Ask ID: Fleire

Status: Ymse, også automatisk freda

SEFRÅK nr: [14120106065](#), [14120106066](#), [14120106079](#), [14120106080](#), [14120106081](#)

[14120106083](#), [14120106084](#)

Indre hamn i Hardbakke rommar ei rekke naust og bygningar med kulturminneverdi, dessutan eit registrert automatisk freda kulturminne frå steinalderen. Kyrkja bygd i 1860 ligg like aust for hamneområde. Hardbakkevika representerer eit heilskapleg kulturmiljø som er identitetsskapande. Indre hamn er i dag eit trafikknutepunkt, med fleire offentlege og private tenestetilbod. Her er kommunehuset og bibliotek, hamna er utgangspunkt for båtrutene til øyane i midtre Solund og Ytre Solund, rutebuss til ulike delar av kommunen, anløp av lasteruta, samt base for Fjordane friluftsråd, Norsk Kystkulturakademi AS og episenter for Fjordkysten regional- og geopark, i tillegg til båthamn for både fastbuande og båtturistar.



Illustrasjon frå Fylkesatlas.no

Hardbakkevika er såleis ein viktig del av kommunesenteret i Solund, både historisk og i dag. For ikkje mange år sidan blei hamneområdet utbetra, og det er naturleg å sjå føre seg at her vil det gå føre utvikling av ulikt slag i framtida. Det er m.a. ønske om å flytte ekspressbåtstoppen i Solund frå Krakhella til Hardbakke. Dette kan forsterke verdiar i området, men kan også setje verdiar under



press. Det kan vere eit viktig og godt grep å gje fleire naustområde her omsynssone i rullering av kommuneplanen sin arealdel eller i eit eige reguleringsarbeid for området.



3.3.3 INDRØY HANDELSSTAD

G.nr./b.nr.: 19/2 og 4

Registrert i Kulturminnesøk: Nei

Ask ID: Nei

Status: Høg verneverdi (Sogn og Fjordane fylkeskommune)

SEFRAK nr: Ikke registrert

Midt i leia ligg Indrøy handelsstad og er eit døme på nyare tids handelssoge. I 1890 kjøpte Knut Berentsen ei bu frå Bryggen i Bergen og flytta til Indrøy. Her tok han til med landhandel. Sjøbua vart etter kvart bygt på og inneheld i dag den opphavelige krambu, ei påbygd krambu frå 1964, lager for varer, fiskemottak, ishus og telefonavlukke. I 2. høgda ligg bustaddelen. Sidan kom mange bygningar til: Notheng, naust, sjøbu, trankokeri, fjøs og eldhus. 1930 vart dampskipskaia bygt og attmed kaia kom oljetank. Her var stor verksemrd, med krambu, post, telegraf, dampskipsekspedisjon, fiskemottak, mottak av tareoske, trandamperi og eksport av hummar til England. Her var butikkdrift fram til 1990-1991.

Fjøset og trandamperiet var frå 2008 restaurert med stønad frå SMIL-midlar gjennom Solund kommune og Norsk Kulturminnefond.

I ein uttale 17.06.2008 skriv Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, at:



«Handelsstaden på Indrøy representerer ei nyare handelshistorie, i ei brytningstid med den veksande industrialiseringa og ny samferdsle. Handelsstaden viser bygningshistorie som er typisk for slutten av 1800-talet, men også det tidstypiske for endringane som skjer utover 1900-talet.»

Indrøy handelsstad, sett frå sør. I framgrunnen eldhuset, så frå venstre fjøset, trandamperiet og sjøbu og i bakgrunnen hovudbygget. Skjult av trea ligg naustet og notheng. Foto 2017: Bjørn Magne Hansen



Førsteårsstudentane ved Bergen Arkitekthøgskole byrjar studiet med 4 veker feltkurs i Solund i samarbeid med NKKA. Som del av kurset er dei med på restaurering av bygningar. Her er tre studentar under restaureringa av trandamperiet på Indrøy handelsstad. Foto 2017: Bjørn Magne Hansen.



4 Handlingsprogram

Solund kommune sine politikarar har gjort eit tematisk utval av kulturminne denne planen skal prioritere: **Fornminne (automatisk freda kulturminne), naust og sjøhusmiljø, og kulturlandskap.**

For tiltak innan kulturmiljøvern er ofte samarbeid mellom fleire partar viktig. Det kan vere grunneigarar, kommunen sine sektorar, lag, organisasjonar og eldsjeler i lokalsamfunnet.

Kvar år skal administrasjonen revidere handlingsprogrammet (jf. Pbl §11-2) på den måten at dei vurderer å ta tiltaka inn i kommunen sin økonomiplan, og orienterer formannskapet. Formannskapet kan løfte ei slik revidering vidare, om dei meiner det bør gjerast endringar. Handlingsprogrammet skal som ein regel opp til politisk handsaming kvart fjerde år.

Tiltak – innspel til økonomiplan

4.1 Solund kommune kan bistå med rådgjeving gjennom oppdatert informasjon på heimesida og hjelp til søknadsskriving.

Bakgrunn: Å finne fram til tilskotsordningar og søkje om t.d. midlar til restaurering av bygningar kan opplevast krevjande.

Ansvarleg: Sektor med ansvar for kulturminne/sektor for samfunns- og næringsutvikling
Økonomiske konsekvensar: Intern ressursbruk

4.2 Kommunen bistår med informasjon og kurs i registrering av kulturminne og kulturmiljø i nettportalen «Kulturminnesok.no», ved behov. Dette kan skje gjennom informasjon på heimeside og kurskveld i regi av Solund kommune Vestland fylkeskommune og t.d. Solund sogelag.

Bakgrunn: Kulturminnesok.no er ei nettside driven av Riksantikvaren. Her finn ein informasjon om kulturmiljø, kulturminne og landskap. Ein del er registrert for Solund, men målet er at fleire kulturminne i Solund vert lagt inn. Det er eigarar sjølv som legg inn, men det kan vere trøng for hjelp til å bruke registreringsverktøyet.

Ansvarleg: Sektor med ansvar for kulturminne/Sektor for samfunns- og næringsutvikling
Økonomiske konsekvensar: Intern ressursbruk

4.3 Planen bidreg til aktuelt kulturminnevern gjennom å vurdere omsynssone i KPA, når denne skal reviderast.

Bakgrunn: Dei prioriterte kulturminna kan ha trøng for særskild vern, utan at freding er aktuelt. Dette kan vere for å sikre kulturminneverdien i framtida, men også vere relevant knytt til søknad om tilskot til istandsetting/vedlikehald.

Ansvarleg: Sektor med ansvar for kulturminne/Sektor for samfunns- og næringsutvikling
Økonomiske konsekvensar: Intern ressursbruk



4.4 Utvikle eit kunnskaps- og formidlingsopplegg om livet i eldste tider i Solund, etter trekantmodellen ein har brukt på Utvær, som kan nyttast i barnehage, kulturskule og skulen.

Bakgrunn: Det finst ei rekke registrerte og automatisk freda fornminne i Solund, særleg hellerar og gravrøyser. Vi har lite kunnskap om og kompetanse på dette feltet i kommunen. Å få fram eldre historie vil bidra til å auke identitetskjensla og attraktiviteten i kommunen.

Ansvarleg: Solund kommune ved sektor for oppvekst (DKS, Kulturskulen og UKM), Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv, samarbeidspart: Solund sogelag

Økonomiske konsekvensar: Intern ressursbruk

4.5 Synleggjere og løfte fram fleire av dei automatisk freda kulturmiljøa gjennom:

1. Planen
2. Publikasjonar

Bakgrunn: Ein ynskjer å gjere kulturminne og -miljø meir kjend i Solund.

Ansvarleg: 1. Solund kommune, 2. Solund sogelag.

Økonomiske konsekvensar: Intern og ekstern ressursbruk.

4.6 Stadnamnregistreringa - kartlegge kva for område der få namn er registrert og fyller ut registreringa.

Bakgrunn: Stadnamnregistreringa nemnt tidlegare i planen har nokre få område der få namn er registrert. Dette er viktig å ta fatt på medan ein enno til dels har tilgang til personar med kunnskap om dei gamle stadnamna. Dette gjeld m.a. området rundt Krakhella.

Ansvarleg: Solund sogelag

Økonomiske konsekvensar: Intern og ekstern ressursbruk.



Satsingar - ikkje prioriterte tiltak

Desse er det arbeidd med, og kan vere innspel til revisjon av handlingsprogram

➤ Ny utgåve av «Solund gards- og ættesoge»

Bakgrunn: Dei to banda «Solund gards- og ættesoge» vart etter langvarig og stor innsats gjeve ut i 1982. Når no meir enn 40 år er gått, er det trøng for revisjon og ny utgåve av desse bøkene.

Dette er eit omfattande prosjekt som krev både tid og økonomiske ressursar.

Tiltak: Det vert sett ned ei ressursgruppe som førebur kommunal sak om revisjon av bøkene.

➤ Anna informasjonsmateriell: «På kjøl mellom kystperler»

Bakgrunn: Solund sogelag gav i 2005 på førespurnad frå Solund kommune og Askvoll kommune ut heftet «På kjøl mellom kystperler i Askvoll og Solund. Kulturhistorisk vegvisar for øyhopperar» og i 2006 ut tilsvarende hefte for Nord-Solund: «På kjøl mellom kystperler i Nord-Solund.

Kulturhistorisk vegvisar for øyhopperar». Hefta informerer om kvar stoppestad og er tilpassa postruta i midtre Solund om sommaren og rutebåten i Nord-Solund, men treng oppdatering.

Til utgjeving av det første heftet i 2005, fekk sogelaget tilskot frå Solund kommune og Askvoll kommune. Hefta vart berre laga med norsk tekst og det har vore etterlyst ei utgåve på engelsk.

Det er til no ikkje laga noko hefte for den tredje av dei lokale bårutene, ruta Hardbakke – Utvær.

Tiltak:

1. Oppmode Solund sogelag om å lage ei revidert utgåve av hefta, på norsk og engelsk.
2. Oppmode Solund sogelag om å lage eit tilsvarende hefte for båtruta Hardbakke – Utvær.
3. Det setjast av midlar til tilskot til sogelaget.

➤ Nordsjøløyper

Bakgrunn: Det er fire Nordsjøløyper i Solund. Til kvar av løypene er det laga informasjonsark, som gjev informasjon om løypene og ting ein kan sjå undervegs. Nordsjøløyper i Solund: Utvær, Ytre Sula, Steinsundøy, Færøy.

Tiltak: Informasjon må reviderast

➤ Sjømerke

Bakgrunn: Sjøen var vegen i tidlegare tider i Solund og det er difor mange sjømerke i kommunen. Ein del av desse vert vedlikehalde og er brukt som sjømerke i dag, medan andre er ikkje i bruk og forfall og forsvinn.

Tiltak: Kartlegge sjømerke som ikkje lenger er i bruk.



5. Rammer for arbeidet

5.1 Bakgrunn for planen

Kommunestyret i Solund har valt å forvalte kulturminna gjennom ein kommunedelplan. Dette er i samråd med Riksantikvaren og Vestland fylkeskommune, som har løyvd tilskot til arbeidet med planen.

Kommunedelplanar blir utarbeidd for eit avgrensa område eller tema. Slike delplanar kan til dømes gjelda for eit spesifikt areal i kommunen - som kystsona, eller for eit tema - som vatn- og avlaup, folkehelse eller kulturminne.

5.2 Føringar

Når kommunen vel å lage ein kommunedelplan for kulturmiljø, finst det relevante føringar både overordna frå statleg og regionalt hald, men også i kommunen sine eigne planar.

Nasjonale og regionale føringar

Plan- og bygningslova seier dette om kommunedelplanar:

§11-1: Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

§11-2: Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

Vidare gav Regjeringa oppdaterte føringar for kulturmiljøpolitikken i meld.St. 16, 2019-2020:

Meldingen presenterer tre nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken, med vekt på engasjement, bærekraft og mangfold. Med denne meldingen innfører regjeringen begrepet "kulturmiljø" som samlebetegnelse. Begrepet understreker betydningen av helhet og sammenheng, samtidig gjøres tilknytningen til den øvrige klima- og miljøpolitikken tydeligere.

Kopla til regionalt arbeid med plan for kultur, idrett og friluftsliv peikar ein på konkrete nasjonale forventningar om å:

Identifisere og ta omsyn til viktig naturmangfold, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap

Miljøaspektet i kulturminneforvaltinga blir løfta av Riksantikvaren knytt til:

(...) stående bygninger kan representere store verdier både for samfunnet og den enkelte. God forvaltning av eksisterende bygningsmasse bidrar vesentlig til å redusere det materielle forbruket.

Dette viser også til berekraftsperspektivet i plan- og bygningslova sin føremålsparagraf.

Vestland fylkeskommune (<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/lokale-kulturminneplanar/>) viser til at lokalt eigarskap og forankring bidreg til å sikre lokalt engasjement og kompetanse. Kommunane definerer sjølv prosessen og innhaldet i ein kulturminneplan, og kan trekke inn skular, museum, bibliotek, frivillige, sogelag osv. i arbeidet. Fylkeskommunen peikar vidare på at kommunane er ein hovudaktør i forvaltinga av kulturhistoriske verdiar, og kan bruke desse til å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn.

Kommuneplanen sin samfunnsdel i Solund

Kulturminna og -miljøa i kommunen vår er og kan vere faktorar for dei tre berekraftsdimensjonane:



Samfunnsdelen til Solund kommune handsamar kulturminne og – miljø i sine kapittel 1.4, 3.2, 3.3, 3.4, 4.2, 4.4 og 4.9, og dette koplar seg godt til FN sine berekraftsmål og desse tre dimensjonane. Under mål for auka næringsutvikling, meir mangfald i næringsliv og fleire arbeidsplassar (4.2), seier planen m.a.:

Legge til rette for fleire husdyr og aktivt utmarksbeite og ta vare på kulturlandskapet sin særeigenheit.

Kommuneplanen sin arealdel

Den overordna arealplanen i kommunen gjev nokre konkrete føringar for forvalting av einskilde kulturmiljø (s. 58); gjennom at det er sett omsynssoner i nokre areal. Det er brukt to ulike omsynssoner, H570 og H730, og det er knytt føresegr til desse i § 7.2.3 *Bevaring kulturmiljø (H570)* og § 7.3.2 *Bandlegging etter kulturminnelova (H730)*. Omsynssonene omfattar automatisk freda kulturminne som er freda i medhald av lov om kulturminne, nokre område som er verna særskilt, og område i tilknyting til desse.

Omsynsona er sett for å betre kunne ivareta kulturminna og omgjevnadene for framtida. Alle faste, materielle kulturminne inngår i eit landskap eller kulturmiljø og bør alltid sjåast i samanheng med omgjevnadene.

Det er knytt undersøkingsplikt til automatisk freda kulturminne, og plikta er heimla i kulturminnelova § 9:

Ved planlegging av offentlige og større private tiltak plikter den ansvarlige leder eller det ansvarlige forvaltningsorgan å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk fredete kulturminner på en måte som nevnt i § 3 første ledd, jfr. § 8 første ledd.

Denne gjeld ved:

- Ved planlegging av alle offentlege og større, private tiltak, som kan få følgjer for automatisk freda kulturminne.
- Alle reguleringsplanar (område- og detaljregulering).

Føremålet med undersøkingsplikta er å få vite om eit planlagt tiltak kan føre med seg inngrep i eit kulturminne.

Planprogrammet

Planprogrammet har føringar for kva vi skal legge til grunn når vi vurderer verdien av kulturminne: Kulturminne kan ha verdi som kjelde til kunnskap og opplevingar, og det kan ha annan bruksverdi.

- Kva kunnskap kan kulturminnet gje oss?
- Kva opplevingar kan kulturminnet gje oss?
- Kva kan vi bruke kulturminnet til?

I orienteringssaka til formannskapet i mai 2022 seier kommunen at det er tenkt å bruke planprogrammet som vart vedteke i 2015 så langt det let seg gjere. Delar av planprogrammet er revidert (4.5 Tidsplan og 4.3 Opplegg for gjennomføring), og kommunen har forsøkt å ta med seg nye føringar frå Meld.St. 16 og fylkeskommunen sitt arbeid med ny regional plan.



5.3 Definisjonar av omgrep

Knytt til kulturminnearbeid er det omgrep som har spesifikk tyding, og nokre som har uklar tyding for oss i det daglege. Under er ei alfabetisk liste over dei vi har brukt i planen, og som slik gjev innhald til kulturminnearbeidet i Solund.

Automatisk freda kulturminne

I norsk lov og forvaltning er omgrepa fortidsminne og fornminne i dag erstatta med automatisk freda kulturminne frå steinalderen til mellomalder, det vil sei frå tida før reformasjonen i 1537.

Automatisk freda kulturminne er kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak.

Kulturminne som er automatisk freda:

- faste kulturminne frå før 1537
 - ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649
- Skippsfunn eldre enn 100 år er verna etter [eigne reglar i kulturminnelova](#).

Dispensasjon: Fritak frå å følgje ei lov, eit vedtak eller ei forskrift i eit enkelt tilfelle. Innan kulturminneforvaltinga inneber dette:

- dispensasjon frå automatisk freding, dvs. at det vert tillate inngrep i eller ved det automatisk freda kulturminnet
- dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. at det blir gjort unnatak frå fredinga for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturminnet
- dispensasjon frå vern gjennom plan- og bygningslova, dvs. at kommunane gjer unnatak frå planavgjelder om vern.

Fornminne: Tidlegare vanleg namn for eldre kulturminne (eldre enn 1537). I kulturminnelovgjevinga no brukar ein omgrepet «før-reformatorisk kulturminne». Før-reformatorisk kulturminne:

Kulturminne eldre enn 1537. Alle slike kulturminne er automatisk freda med heimel i kulturminnelova.

Forskriftsfreda kulturminne eller kulturmiljø

Nemninga blir brukt om kulturminne som er freda ved forskrift og ikkje ved vedtak. Dette gjeld bygningar og anlegg som er omfatta av ein statleg verneplan, og som var i statleg eige då dei vart freda. Dette gjeld også kulturmiljø.

Freda kulturmiljø og kulturminne

Eit kulturmiljø som myndighetene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida. Eit freda kulturminne er automatisk freda eller vedtaksfreda. Ei freding er den strengaste forma for vern*. Freding vil seie at inngrep/endringar må godkjennast av myndighetene. Slik står freding over omsyn til private og kommunen sine vurderingar, då det har ein verdi ut over den private og lokale. Det er [kulturminnelova](#) som blir brukt ved freding.

Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar og hendingar. Det kan vere lokal musikk, mattradisjonar og andre handverkstradisjonar, segn og historier.

Istandsetjing

Reparasjonsarbeid for å få ein bygning, del av ein bygning eller eit anna objekt opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå, slik at berre vanleg vedlikehald vil vere nødvendig seinare.

Ei antikvarisk istandsetjing inneber at reparasjonen blir basert på bruk av materiale og teknikkar



tilpassa bygningen eller anlegget sin eigenart, og det kan ofte vere naudsynt med rettleiing frå særlege kompetanseområde.

Kulturarv

Samlenamn for materiell og immateriell kultur.

Namnet kulturarv blir særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltinga, arkivverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreiningar.

Kulturlandskap

Alt landskap som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap, men også knytt til sjøfart og liknande.

Kulturminne er ifølge kulturminnelova, alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, medrekna lokalitetar knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon. Slike menneskelege spor kan vere enkeltminne som fartøy, bygg, andre objekt, eller meir samanhengande og heilskaplede kulturmiljø.

Kulturminnemynde

Vestland fylkeskommune er i dag delegert kulturminnemynde både for automatisk freda kulturminne og kulturminne av nasjonal verdi. Vidare peikar Riksantikvaren på at ut over desse, kan kommunen definere kulturminne og -miljø som lokalt verneverdige og som bør inngå i kommunal plan.

Utgangspunktet må være kommunen sine behov og føresetnader.

Kulturminneverdi

Verdi som blir tillagt eit kulturminne. Forvaltninga, organisasjonar, eigarar, brukarar eller andre kan vurdere kulturminnets verdi på ulike måtar. Verdivurderinga kan endrast over tid.

Kulturminneforvaltinga deler gjerne verdiane inn i tre grupper: kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

Vern og verneverdig

At noko er verneverdig, betyr at kulturminnemynde har vurdert eit objekt, bygg eller landskap, og funne at det har historisk verdi for framtida og ålmenta. Når ein slik verdi er funne, er det vanleg at kommunen set ei omsynssone i kart rundt kulturminne og slik får kulturminnet eit vern. Omsynssona har føresegner i kommuneplanen knytt til seg, og ved ei ev. detaljplanlegging av tiltak som kan virke på kulturminnet, blir vidare faglege vurderingar av kulturminnet utløyst. Det kan då bli freda** eller frigjeve. Eit automatisk freda kulturminne er freda direkte gjennom kulturminnelova eller svalbardmiljølova, utan særskilt vedtak. Dette skjer når det har ein automatisk verdi fordi det har særlege eigenskapar eller alder. Slike kulturminne kan, etter vurdering frå kulturminnemynde, frigjevast.

Eit vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom særskilt vedtak for det enkelte kulturminnet.

Yngre dryas

Då istidas bre, som hadde dekka heile Norge, smelta bort, kom det ei uventa kald periode som vi kallar yngre dryas, og er den siste og lengste av fleire avbrot i den gradvise oppvarminga av jorda etter siste istids maksimum rundt 27 000 til 24 000 kalenderår før notid.

*sjå Vern og verneverdig

**sjå Freda kulturmiljø og kulturminne lenger opp



5.4 Kriterium for vurdering av kulturmiljø og kulturminne i planen

Kulturminnenefeltet er samansett og i planprogrammet vedteke i 2015, prioriterte Solund kommune tematisk slik: **naust- og sjøhusmiljø, kulturlandskap og fortidsminne**. Ein vurderte at dette var område som er særmerkte og viktige for Solund. Dei fortel om og representerer det særmerkte innan Solund sin kultur og identitet. I tråd med planprogrammet er det gjort ei enkel verdivurdering av kulturminna innafor dei tre temaa, og ei vekting for prioritering til handlingsprogrammet. Dette skal som ein regel opp til politisk handsaming kvart fjerde år. Kvart år skal administrasjonen revidere handlingsprogrammet (jf. Pbl §11-2) på den måten at dei vurderer tiltaka opp mot kommunen sin økonomiplan, og orienterer formannskapet. Vidare kan formannskapet løfte ei slik revidering vidare, om dei meiner det bør gjerast endringar.

Med utgangspunkt i planprogrammet og Riksantikvaren sine føringar er kulturminna i Solund vurdert etter desse kriteria, for å få fram ei prioritering:

- Kva kunnskap kan kulturminnet gje oss?
- Kva opplevingar kan kulturminnet gje oss?
- Kva kan vi bruke kulturminnet til?

Og når vi skal vekte

- Representativitet og autentisitet:
Viser kulturminnet oss noko som er eller var typisk for sitt slag i Solund når det gjeld levesett, næring, arkitektur eller anna?
- Tilgjenge:
Er det lett synleg og kan ein vitje kulturminnet?
 - Engasjement og lokal identitet knytt til kulturminnet (noverande og framtidig):
Er dette minnet viktig og/eller har vore det for allmenta, viser det ein viktig fase?
 - Næringspotensiale og eigenskapar mtp. formidling og kunnskap:
Har kulturminne sin opphavelige funksjon, ny funksjon, og/eller har det potensiale til å gje næringsgrunnlag/formidlingsbruk?
 - Samanheng mellom natur og kultur:
Viser kulturminnet korleis mennesket har skapt samanhengar mellom natur (ressursar, landskapsmessig eller anna) og som føresetnad for utøving av kultur (næring, kunst, leik)?

I Solund har vi kulturminne som ikkje fell innafor dei tre kategoriane som er prioritert, men som er viktige for historia og kulturen vår. I Vedlegg 1 finn ein oversyn over kjente kulturminne og kulturmiljø i kommunen.



Vedlegg 1: Kulturminne og kulturmiljø i planen

Solund har svært mange kulturmiljø og kulturminne. Nokre er svært kjende, slik som Utvær fyr, medan mange nok er ukjende for folk flest, slik som gravrøyser og museumssamlingar. Under følgjer eit lite oversyn ordna tematisk og så eit utval ordna etter alder og tema. Dette er ikkje eit uttømmande oversyn og mykje meir kunne ha vore teke med. Oversynet er heller ikkje ei gradering av viktige og mindre viktige kulturmiljø/kulturminne, men eit utval av alle dei som kunne vore nemnt.

1 Fiske

Fisket var prega av heimefisket med kvar sin båt og dei store fiskeria. Færingen, rogavlen og andre båttypar vart nytta, alt etter kva slag fiske det var snakk om. Etter kvart vart båtane større og rekkevidda lengre. Fram til slutten av 1990-talet var her enno 3 fiskemottak i Solund (Buskøy, Ytrøy og Husøy), medan det i dag ikkje er nokon. Dette fortel om dei store endringane i fiskeria, og at det ikkje lenger er nok lokale båtar til å drive fiskemottak her.

Her har vore mange mindre og større reiarlag og i dag er her fleire reiarlag, med større og mindre båtar.

2 Klippfisktørking

På fleire plassar i Solund vart det tørka torsk på berga, t.d. Nordre Kråkeneset, Little Færøy, Pollen og Tungodden. Fisken kom flakt og salta med jekter frå Lofoten i april/mai, før den vart vaska, vendt og stabla til den ferdig vart ført til Bergen for sal. I Pollen vart det tørka fisk fram til 1931.

3 Taremottak

På 1800-talet vart ei viktig attåtnæringer for mange langs kysten å brenne tare. I Solund var det mange kjøpmenn som tok i mot tareoske og selde vidare til fabrikkar, der tareoska vart nytta i produksjonen av jod. I 1952 tok Protan & Fagertun til med mottak av fingertare hjå Herman Færøvik på Buskøy og seinare kom det òg mottak på Lundøy og Indrevær. Fram til 1977 var skjering av fingertare ei eiga næring sommarstid for mange i Solund. Anlegget på Buskøy tok frå 1972 òg imot stortare frå taretrålarar og var det einaste i Sogn og Fjordane og det største mottaket langs kysten. Buskøy Taremottak var i drift frå 1950-talet og fram til 2016.

4 Havbruksnæringa

4.1 Østersdyrkning

Solund har mange pollar, bukter og vikar og er såleis veleigna for dyrking av østers. Frå gamalt av vaks østersen vilt der naturen gav vekstgrunnlag. Overfangst reduserte talet og kring år 1900 kom det fart i dyrkingsarbeidet i Solund. Kjelder fortel at i 1901 var 6 østerspollar i bruk i Solund og 5 nye vart valde ut for forsøksdyrkning. Dei to beste østerspollane låg i Nesefjorden: Humlevågspollen på Nesøy og Pollevik.

4.2 Oppdrettsverksemد har òg lange tradisjonar i Solund. Bernt og Oddny Ravnøy er rekna mellom pionerane innan oppdrettsnæring i Noreg, sidan dei alt i 1964 starta opp med oppdrett av regnbogeaure som attåtnæringer på Solneset.

I dag er det i Solund 2 lokale firma og fleire andre utanfrå har i tillegg lokalitetar rundt om i kommunen. I tillegg er her fleire leverandørar til havbruksnæringa:



- 4.2.1 Sulefisk AS vart starta opp av brørne Borgvald og Svein Espeland på Eide i 1984 og sidan hatt svært mykje å seie, både for bygda Eide og Solund kommune. I dag er verksemda ein av dei største private arbeidsplassane i Solund.
- 4.2.2 Lia Laks er ei mindre verksemde, starta opp i 1986 av brørne Svein og Arvid Lien. Verksemde driv med settefiskproduksjon på Lia. Frå 2018 er Eide Fjordbruk medeigar i verksemda.

4.3 Notvaskeri

Selstad AS, avdeling Solund vart etablert på Lundøy i 2006 og vaskar og impregnérer oppdrettsnøter. Verksemde er ein betydeleg privat arbeidsplass.

5 Sjøen som ferdssels veg

5.1 Båtbygging

Solund har hatt fleire mindre båtbyggeri, men lite er dokumentert.

5.1.2 Kverhella

Frå siste halvdel av 1800-talet bygde brørne Johan, Ludvig og Jørgen Kverhellen både mindre bruksbåtar og endå til ei skøyte på opp mot 50 fot (nytta til drivgarnsfiske etter makrell i Nordsjøen). Ein av båtane bygt på Kverhella i 1905 er teke vare på på Eide og eigast av Sigurd Kråkås.

5.1.2 Martinus Lågøy

Martinus Lågøy (1919-2008) etablerte seg som båtbyggar på byringa av 1960-talet i Lågøyvågen på Lågøy og bygde både bruksbåtar og fritidsbåtar på opptil 35 fot, i tillegg til reparasjonar.

5.1.3 Solund Verft AS

Verftet vart etablert av Reidar Engevik og opna i 1976 med namnet Solund Skips Service AS, og driv med både nybygg, ombygging og vedlikehald av båtar. Verftet var på den tid og er enno i dag den største private arbeidsplassen i Solund og har hatt svært stor betydning for Solundsamfunnet.

5.1.4 Solund Båtbyggeri AS

Båtbyggeriet vart etablert på Lending i 1995 og driv både med nybygg, ombygging og vedlikehald av båtar.



5.2 Båtverkstadar

Utanom Solund Verft AS og Solund Båtbyggeri AS er her 4 verksemder som driv med vedlikehald m.m. av båtar:

5.2.1 Lågøy Slipp og mekaniske verkstad

Slippen vart bygt av Kristoffer Mathisen i 1933. Noverande selskap, Lågøy Slipp, vart registrert i 1997 og drivast av Eivind Ingvaldsen, med reparasjonar og vedlikehald.

5.2.2 Båtsmia Færøy og Myhr

Verksemda vart etablert i 1995 av Bjarnhild Færøy og Asmund Myhr og driv med reparasjonar og vedlikehald.

5.2.3 Fimreite Båtverkstad AS

Verkstaden vart etablert i Håneset på Hardbakke i 2003 og drivast at Knut Fimreite.

5.2.4 Marine Multiservice AS

Verksemda vart etablert på Solneset som Solund Maritim AS i 2006, med føremål å drive båthotell, men òg reparasjonar og vedlikehald.

5.3 Reiarlag skyssbåt

Opp igjennom åra har Solund hatt mange skyssbåtaktørar, både med skuleruter, rutebåtar innan kommunen og med ambulansebåt, MS Solund.

5.3.1 Vidar Hop Skyssbåter AS

I 1971 starta Tryggve Hop med ambulansebåt og frå 1990-talet drive reiarlag òg bygde- og skuleruter og frå 2022 og lasteruta frå Bergen til m.a. Solund.

5.3.2 Partsrederiet Sulejet ANS

Reiarlaget er drive av Hans Gåsvær og Tom Færøy, med skyssbåt- og postruta Hardbakke – Gåsvær.

6. Bygningar

6.1 Fiskarbonden



Eldre byggeskikk i Solund ber preg av at ein bygde der det var mogleg å finne eit utkome. Våningshuset hadde plass for fleire generasjonar, både på husmannsplassane og dei større gardane. I tillegg var her flor, løe og ofte uteløe for husdyra. Eldhus var òg vanleg og nokre stader smie og kvernhus. Med fisket var sjøhusa viktige, med naust, sjøbu, skjå og i nokre få tilfelle nothengje.

I motsetnad til i dag, der mange ynskjer best mogleg utsikt, vart husa bygt i ly forvêr og vind. Slik sparte ein vedlikehald. På 1950- og 1960-talet vart sørveggen på mange hus, om ikkje heile huset, kledd med eterritt for å lette vedlikehaldet i det vêrharde kystklimaet.

6.2 Handelsstadar og landhandlar

Med ca 2000 busette rundt år 1900 og sjøen som ferdsselsveg heilt fram til 1960-talet, hadde Solund mange handelsstadar, mellom dei Buskøy, Indrøy og Husøy. I stordomstida til desse stadane var her stor verksemد; med krambu, dampskipsekspedisjon, post, telegraf og ikkje minst som møtestad. Utanom handelsstadane var her mange landhandlar, slik som i Enstad, på Hersvik, på Hardbakke, Nåra og Kolgrov. Så seint som i 1997 var her daglegvarehandel på Hersvik, Buskøy, Lågøy, Hardbakke, Ytrøy, Kolgrov og Nåra. Mange av desse krambuene står enno og har saman med handelsstadane stor verd som kulturminne.

6.3 Skulehus

Med heile 17 skulekrinsar på det meste i Solund, var det både eigne skulehus og skular på omgang i heimar. Både i Skarnagel og på Losna ser ein enno grunnmuren til skulehusa, medan mange tidlegare skulehus elles er i privat eige, slik som Hersvik, Strand, Storøy, Ytrøy, Søre Hjønnevåg, Trovåg, Nautøy og Utvær. Skulehusa i Dumba og Straumen er framleis eigd av bygda eller kommunen.

6.4 Bygdehus

Skulehusa i Solund var viktige samlingspunkt rundt om i kommunen, men dei var ofte små og ikkje så høvelege for alle aktivitar. I 1933 stod difor fyrste bygdehuset i kommunen ferdig, Hardbakke Ungdomshus i Brattelia. I 1967 brann huset ned. Ikkje mange år etter, i 1972 stod nytt hus ferdig litt lenger sør på Hardbakke, Solund Grendahus.

Både i nordre og i ytre Solund vart det i tillegg bygt hus, Nord-Solund bygdetun (19..) ved Hersvikbygda og Ytre Solund bygdehus (19..) i Straumen. Husa er viktige samlingspunkt for folk i Solund og vert nytta ved mange høve.

6.5 Andre offentlege bygg



Utanom det tidlegare skulehuset I Straumen, er dei fleste offentleg eigde bygga på Hardbakke. I tillegg til bygga nemnt under, kan nemnast Solund Idrettsbygg, Solund barnehage og Idrettspark.

6.5.1 Solund Helsetun, dåverande Solund gamleheim var opna I **1965 (?)** og har vorte utvida med tilbygg og ombygging og nye tilbod til det det er i dag.

6.5.2 Solund barne- og ungdomsskule

Eldste delen er det som i dag er ungdomsskulen, som vart teke i bruk i 1956. I samband med dette bygget har idrettsbygg, barnehage og eigen barneskule kome til.

6.5.3 Solund leilegheitshotell

I 1968 vart det som vart kalla Internatet opna, med 24 rom og plass til 48 elevar. På den tid var her knapt vegar og dei fleste elevane i framhaldsskulen/ungdomsskulen laut då bu på Hardbakke. Med betra transportmedel vart skuleinternatet etter kvart lagt ned og bygget har sidan vore nytt til mange ulike føremål. No er bygget leilegheitshotell og restaurant, samt 4 husvære og kontor i underetasjen.

6.5.4 Solund kommunehus

Bygget stod ferdig i 1938 og har husa mange funksjonar opp igjennom åra, slik som skule, bank og i dag lokalisering av kommuneadministrasjonen.

6.6 Kyrkjelege bygg

Kor lenge kyrkjebygga på Lågøy og Losna stod etter Svartedauden veit ein ikkje, men kyrkjesoga i Ytre Solund kan ein følgje. Mellomaldarbygget Utvær kapell vart i 1717 flytta frå Utvær til Husøy. På den tid var dette det einaste kyrkjebygget i Solund. Folk i Nord-Solund sokna då til Vilnes kyrkje i Askvoll og éin gard til Øn kyrkje i Hyllestad, medan midtre del av kommunen høyrdet til Eivindvik sokn. Umiddelbart etter at Solund vart eigen kommune i 1854, kom spørsmålet om ny kyrkje opp og Solund kyrkje vart vigsla hausten 1860. Då Solund vart eige prestegjeld i 1887, fekk ein òg raskt bygt kyrkje i Hersvikbygda, Hersvik kyrkje vigsla 1891, og så Husøy kyrkje i Straumen i 1896. Kapellet som stod ute på Husøy ynskte folket der ute å behalde, men kyrkjedepartementet sa nei og kapellet vart sold og flytta truleg i 1897 og vart til bedehus i Leirvåg i Austrheim, der det enno står, med tømmer frå mellomaldarkyrkja på Utvær!

I dag er det tre kyrkjer i Solund:

- Solund kyrkje (1860)
- Hersvik kyrkje (1891)
- Husøy kyrkje (1896)

Då Solund vart eige prestegjeld i 1887, bygde staten ved Opplysningsvesenets fond i 1890 prestegard på Hardbakke. Til prestegarden høyrdet våningshus, løe, stabbur, paktarbustad, garasje, naust og sjøbu. Drifta av prestegarden vart lagt ned på 1960-



talet og Solund gamleheim bygt der løa stod. Der paktarbustaden stod, er det no aldersbustadar. I 1988 bygde Opplysningsvesenets fond ny prestebustad og Solund sokneråd kjøpte den gamle, no kalla Solund Kyrkjetun. Stabburet og sjøbua frå 1890 står enno og høyrer til prestebustaden, medan naustet måtte vike for kommunekaia.

6.7 Bedehus

Solund har berre eitt bedehus, David Lunds minne, til vanleg kalla Indrevær bedehus. Huset er bygt til minne om David Olai Indrevær (1863-1925), som emigrerte til USA og tok etternamnet Lund og rundt år 1900 reiste vidare som misjonær på Filippinane. Sidan har han difor ofte gått under namnet «Filippinar-Lund». Bedehuset vart vigsla i 1962 og vert framleis nytta, m.a. til gudsteneste og basar kvar sommar.

2.9 Immaterielle kulturmiljø

Solund har mange såkalla immaterielle kulturminne, kulturminne som er tilgjengelege om ein veit kvar ein skal leite:

2.9.1 Fotografi

Fylkesarkivet i Vestland har registrert 617 fotografi med relasjon til Solund (pr. 25.02.23), sjå <https://foto.fylkesarkivet.no/>
«Solundarkivet», Solund sogelag (ferdig registrert ca 3000 bilete pr 31.12.22, i tillegg fleire hundre under registrering.), sjå www.solundsogelag.no

2.9.2 Stadnamn

Registrert i Stadnamnprosjektet, frå 1985 og framover ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, der fleire i Solund tok del. Arkivet inneheld 9519 stadnamn registrert frå Solund (pr. 25.02.23).

Sjå <https://stadnamn.fylkesarkivet.no/>

2.9.3 Folkemusikk

Musikkarkivet i Fylkesarkivet i Vestland har to avdelingar:

- Tradisjonsmusikksamlinga
- Notesamlinga

M.a.. Arne Bjørndal (1882-1965, gift med Anna Strømmen) nedteikna, samla og gjorde opptak av mykje frå Solund. Noko av dette er gjeve ut på CD-en «Sommarkveld i Solund. Song og spel i Solundtradisjon» (Solund sogelag 2012), der m.a. felespelar Vidar Henning Underseth spelar stykke frå Solund.

<https://www.fylkesarkivet.no/>

<https://musikk.fylkesarkivet.no/>

Fylkesarkivet sitt Webarkiv for musikk har 445 opptak frå Solund (pr 25.02.23)

2.9.4 Skriftleg dokumentasjon frå Solund si soge



Som kjelderegisteret som følgjer med planen syner, er her etter kvart kome mykje skriftleg dokumentasjon frå Solund si soge, særleg frå 1800-talet og frametter. «Solund gards- og ættesoge», som vart gjeve ut i 2 band i 1982, dokumenterte omfattande gards- og ættesoga. Nemnda som arbeidde med desse bøkene tenkte eit tredje band, som skulle ta for seg kultursoga, men det kom ikkje ut. I staden kom krigssoga ut som ei eiga mindre bok, «Krigshendingar i havkanten».

Med Solund sogelag skipa i 2001 og årlege utgjevingar av «Solund sogeskrift» frå same året, i tillegg til andre utgjevingar, er fleire tusen sider lokalsoge dokumentert for etertida.

2.9.5 Diktverk

I tillegg til ein skilde dikt (som t.d. songar om Solund), har to personar gjeve ut diktsamlingar inspirert av livet og naturen i Solund. Dette gjeld Hans H. Steinsund og Alf Magnar Strand. Jfr. kjeldeoversynet for samlingane desse to har gjeve ut.

2.9.6 Museum der gienstandar frå Solund er plassert

Ein har diverse lite oversyn over kva samlingar ved ulike museum har i utstillingar og på lager frå Solund. Nokre ein kjenner til er følgjande:

2.9.6.1 De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (ved Kaupanger)

Her er m.a. altartavla (truleg frå) og kyrkjeklokka (1641?) som i si tid høyrd til Utvær kapell. I tillegg er her 2 utskarne figurar (truleg frå 1700-talet), som ein meiner har vore i Husøy kapell.

2.9.6.2 Universitetsmuseet i Bergen

Her er m.a. funn frå dei arkeologiske utgravingane ved Grønehellaren.

2.9.7 Arkivmateriale

Både Statsarkivet i Bergen og Fylkesarkivet i Vestland har offentlege arkiv frå Solund, i tillegg til privatarkiv.

Under følgjer kort om nokre av dei kulturminna vi kjenner, med hovudvekt på innspela som kom hausten 2022:



3. KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I PLANEN

3.1 Fornminne – automatisk freda kulturminne

3.1.01 Grønehellaren

<p>Gard nr bruk nr</p> <p>Registrert i Kulturminnesøk.</p> <p>Ask ID 55286</p> <p>Status: Automatisk freda</p> <p>Grønehellaren er det eldste spor etter menneske i Solund. Ved arkeologiske utgravingar i åra 1963-1965 vart her funne m.a. 4 skjelett, m.a. eit av ein 17 år gammal gut. Funna ved Grønehellaren fortel at her var fast busetnad gjennom fleire tusen år.</p> <p><i>Grønehellaren under utgravingane i 1964 (Foto: Egil Bakka, Universitetet i Bergen. Kjelde: Digitalarkivet.no).</i></p>	
--	--

3.1.02 Griseparken

<p>Gard nr 55 bruk nr 42</p> <p>Registrert i Kulturminnesøk.</p> <p>Ask ID 55283</p> <p>Status: Automatisk freda</p> <p>Hellaren kalla Griseparken ligg tett ved Hersvikbygda, er ein hellar tett attmed vegen ved Hersvikbygda. Hellaren har oppmura sauefjøs og påviste kulturlag. Den ligg nær veg og parkeringsplass.</p> <p><i>Hellaren sett frå vegen, mot søraust. Foto: Bark-rapport</i></p>	
--	--



3.1.03 Gravrøyser

<p>Gard nr 19 bruk nr 16 Registrert i Kulturminnesøk. Ask ID 25592 Status: Automatisk freda Det er registrert gravrøyser fleire stader i Solund, slik som under gardane Kolgrov, Indrøy, Steinsund og Stokkevåg. På Indrøy er det registrert 3 gravrøyser. Denne røysa er oval, målar 3x2 meter og er orientert nord-sørvest. Røysa er heilt låg og mest heilt tilgrodd med mose, men det stikk Stein i dagen, mest i nordaustlege del. <i>Ei av gravrøysene. Foto: Hans H. Steinsund</i></p>	
---	--

3.1.04 Kvernsteinsbrot Losna

<p>Gard nr 64 bruk nr 1 Registrert i Kulturminnesøk. Ask ID: 135186 Status: Automatisk freda Søraust på Losna ligg eit kvernsteinsbrot. Steinen er granatglimmerskifer, av same typen som førekjem i området rundt Åfjorden i Hyllestad. Brotet ligg i tett lauvskog i slakt SA hellande terren. Aust for brotet renn ein bek. Kvernsteinsbrotet på Losna var nok i bruk då aktiviteten i Hyllestad var som størst, rundt vikingtid-mellomalder. Halvferdige kvernsteinsemne står att i berget. Bjarne Akse frå kvernsteinslauget i Hyllestad seier at sprekker i berget har medført at Losna granatglimmerskiferen var vanskeligare å arbeide med enn skiferen frå Hyllestad. <i>Kvensteinsbrotet sett frå sjøen. Foto:</i></p>	
--	--



3.1.05 Utvær kyrkjestad

Gard nr 1 bruk nr 1

Registrert i Kulturminnesøk.

Ask ID 15866

Status: Automatisk freda

Eldste omtale av Utvær kapell er frå før år 1350 (i Bjørgyngjar Kalvskinn). Ved kapellet var det òg kyrkjegard. Ein kan følgje kapellet si soge fram til hausten 1717, då det vart teke ned og så sett opp att året etter på Husøy.

Ved kapellet var det òg kyrkjegard. Der kapellet stod, sette Solund Kulturvernemnd i 1980 opp ein minnestein og i 1997 vart det òg sett opp eit ankar på kyrkestaden. I 2018 sette grunneigar Torald Storøy opp eit lite klokketårn, som synleg vitnemål om at her er kyrkestaden.

Foto 2022: Bjørn Magne Hansen



3.1.06 Lågøy kyrkjestad

Gard nr 22 bruk nr 1

Registrert i Kulturminnesøk.

Ask ID 84367

Status: Automatisk freda

Fyrste gong kyrkja er nemnt, er i år 1291 i Diplomatorium Norweticum. Der kan det sjå ut til at det er kong Erik Magnusson sjølv som har reist kyrkja. Eit anna alternativ er at det er munkane ved Munkeliv kloster som har bygt kyrkja, sidan klosteret eigde garden på Lågøy. Staden kyrkje skal ha stått ligg på flata rett opp for kaia på austsida av Lågøy.





Staden kallast Kyrkjehaugen og like ved ligg Kyrkjeberget.

Foto: Bjørn Magne Hansen

3.1.07 Losna kyrkjestad

Gard nr 65 bruk nr 5

Registrert i Kulturminnesøk.

Ask ID 84325

Status: Automatisk freda

Fyrste og einaste omtale av Losna kyrkje er i Bjørgyngjar Kalvskinn år 1408. Kyrkja stod på neset som kallast Kirkjeneset. Tidleg på 1800-talet var kyrkjegarden framleis synleg og det er funne restar av skjelett i dette området. I samband med Losnaspelet har det kvar gong sidan 1999 vore gudsteneste på Kirkjeneset ved spela. Losnaætta hadde si stordomstid på 1300-talet og kyrkja kan ha vore knytta til Losnaætta.

Foto: Bjørn Magne Hansen





3.1.08 Husøy kyrkjestad

<p>Gard nr 4 bruk nr 3 Registrert i Kulturminnesøk. Ask ID: 84676-1 Status: Uavklart I 1718 vart kapellet flytta frå Utvær og året etter sett opp att på Husøy. Samstundes vart her anlagt kyrkjegard, ein kyrkjegard som framleis er i bruk og halden ved like. Rundt kyrkjestaden går ein steingard og over inngangen til kyrkjestaden er det eit lite klokketårn. Her heng ei kyrkjeklokke frå 1722, altså 4 år etter at kapellet vart sett opp her. Opp til kapellet går ein steinsett gangveg og i Husøyvågen er her både steinkai og steinsett gangveg aust-vest. Altartavla, ei lysekrune, offerskål m.m. frå kapellet vart flytta til den nye kyrkje i Straumen då den vart bygt i 1896 og fekk namnet Husøy kyrkje. Kapellet vart seld på auksjon rundt 1897 og er no bedehus i Leirvåg i Austrheim. Kyrkjegarden er framleis i bruk. <i>Foto: Bjørn Magne Hansen</i></p>	
---	--

3.1.09 David Lunds minne (Indrevær bedehus)

<p>Gard nr 2 bruk nr 11 Registrert i Kulturminnesøk. Ask ID: - Status: - Bedehuset er det einaste bedehuset i Solund og vart bygt til minne om misjonær David Olai Indrevær (David Lund), som utvandra til USA og seinare vart misjonær på Filippinane.</p>	
--	--



Bedehuset var vigsla 29. juli 1962 og er framleis i aktivt bruk, med årleg gudsteneste og basar i juli.

Foto: Bjørn Magne Hansen

3.1.10 Solund kyrkje

Gard nr 26 bruk nr 3

Registrert i Kulturminnesøk.

Ask ID: 85523

Status: Ikkje freda

Solund kyrkje ligg på Hardbakke og vart vigsla i 1860. Kyrkja er ei langkyrkje og er teikna av arkitekt Christian Henrik Grosch. Altartavla er måla i 1860 av Anders Askevold.

Rundt kyrkja er ein større kyrkjegard og i nyare tid er det òg bygt bårehus med wc og verkstad på kyrkjegarden.

Foto: Bjørn Magne Hansen



3.1.11 Hersvik kyrkje

Gard nr ... bruk nr

Registrert i Kulturminnesøk.

Ask ID: 84563

Status: Ikkje freda

Hersvik kyrkje ligg i Hersvikbygda i Nord-Solund og vart vigsla i 1891. Kyrkja er ei langkyrkje og vart teikna av arkitekt J. W. Nordan.





<p>Altartavla er måla i 1930 av Mons Breidvik. Rundt kyrkja er det kyrkjegard og til kyrkja høyrer eigen kyrkjekai.</p> <p><i>Foto: Bjørn Magne Hansen</i></p>	
--	--

3.1.12 Husøy kyrkje

<p>Gard nr 8 bruk nr 2 Registrert i Kulturminnesøk. Ask ID: 84676-2 Status: Ikkje freda Husøy kyrkje ligg i Straumen i Ytre Solund og vart vigsla i 1896. Kyrkja er ei langkyrkje og vart teikna av arkitekt Peter Andersen. Altartavla er frå 1724 og kom frå kyrkja som stod ute på Kirkøy på Husøy, likeeins lysekrune og offerskål. Rundt kyrkja er det kyrkjegard.</p> <p><i>Foto: Bjørn Magne Hansen</i></p>	
--	---



3.1.13 Utvær fyrstasjon

<p>Gard nr 1 bruk nr 1 Registrert i Kulturminnesøk. Ask ID: 87351 Status: Vedtaksfreda 02.11.1999 Utvær fyrstasjon vart oppretta i år 1900 og er eit kystfyr. Fyrstasjonen omfattar 7 bygningar: Fyr, bifyr, maskinhus, arbeidsrom (delvis bustad), uthus, fyrmeisterbustad (innreia som fellesbustad), og naust. I tillegg er området rundt stasjonen freda (11.12.2017). <i>Foto: Bjørn Magne Hansen</i></p>	
--	--

3.1.14 Råkeneset husmannsplass

<p>Gard nr 28 bruk nr 3 Registrert i Kulturminnesøk. Ask ID: 87373 Status: Vedtaksfreda 25.01.1993 Råkeneset husmannsplass er freda og fredinga omfattar stove, naust og vedskjul/utedo, i tillegg til eit område rundt bygningane for å ta vare på verknaden av kulturminna i miljøet (freda 11.12.2017). Det tidlegare fjøset, no hytte, inngår òg i fredinga. Bygningane er frå etterreformatorisk tid. <i>Foto: Bjørn Magne Hansen</i></p>	
--	--



3.1.15 Utvær

<p>Gard nr 1 bruk nr 1 Registrert i Kulturminnesøk. Ask ID 87351 Status: Soga fortel at Utvær i si tid skal ha hatt 60 rykande piper. Noregs vestlegaste punkt ligg her og nærleiken til havet gjorde at mange fann levegrunnlag, sjølv om her kan vere særsvêrhardt. Utvær skal vere Sør-Noregs sitt einaste fiskevær, der væreigaren åtte heile Utvær og hadde husdyr, medan dei som festa grunn levde av fiske. I dag er festetomtene skilde ut. Foto: Bjørn Magne Hansen</p>	
---	--

3.1.16 Husøy handelsstad

<p>Gard nr 4 bruk nr 1 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: Status: Husøy har fårt gamalt av vore ein stad der fiskarar samla seg til vårsildfisket. Alt på 1600-talet vart det drive handel her og seinare var her òg gjestgjevarstad, post og dampskipsekspedisjon. Handel var det fram til 1977 og fiskemottak heilt fram til byrjinga av 2000-talet. Hovudbygningen, borgarhuset, vart bygt i 1787, men diverre reva i 1975. Det skal kva vore prestegard på Kinn. På vestsida av vågen, på Kirkøy, er Husøy kyrkjested, der det kapellet som i si tid stod på Utvær, vart sett opp i 1718 og stod fram til rundt 1897.</p>	
---	--



Foto: Bjørn Magne Hansen

3.1.17 Indrøy handelsstad

<p>Gard nr 19 bruk nr 2 og 4 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID Status: Høg verneverdi (Sogn og Fjordane fylkeskommune) Midt i leia ligg Indrøy handelsstad og er eit døme på nyare tids handelssoge. Hovudhuset, som både innehold krambu, husvære (i 2. og 3. høgd), fiskemottak og ishus) vart flytta frå Bryggen i Bergen tidleg på 1890-talet og sidan kom mange bygningar til: Notheng, naust, sjøbu, tankokeri, fjøs og eldhus. I 1930 vart dampskipskaia bygt. Her var stor verksemd, med krambu, post, telegraf, dampskipsekspedisjon, fiskemottak, taremottak, koking av lever til tran, eksport av m.a. hummar til England. Krambunga innehold både den opphavelege frå 1890-talet og ein nyare påbyggt på 1960-talet. Her var krambuddrift fram til byrjinga av 1980-talet. Fjøset og tankokeriet er i seinare år restaurert med stønad frå SMIL-midlar gjennom Solund kommune og Norsk Kulturminnefond. Foto: Bjørn Magne Hansen</p>	
---	--



3.1.18 Buskøy handelsstad

<p>Gard nr 58 bruk nr 19 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: Sefrakreg.: 14120112026 Status: Ikkje freda Buskøy handelsstad går attende til byrjinga av 1700-talet og i 1705 gav kong Fredrik IV kongeleg bevilling til å drive «Kræmmerleie og gjestgivarverkesmd». Noverande våningshus er bygt i 1888 av Georg Hess. Hovudbygningen er bygd på den tid og storleiken fortel om at her har vore stor aktivitet. Foto: Buskøy 1910, utlånt av Solundarkivet (Solund sogelag)</p>	
--	--

3.1.19 Ravnøy gard

<p>Gard nr 15 bruk nr 2 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: - Sefrakregisterert: Ja Status: Ikkje freda Ravnøy er eit av dei større gardsbruka i Solund, der eigedomen i dag har både eit stort våningshus, fjøs, eldhus, naust og to sjøbuer, i tillegg til uteflor. Våningshuset er bygt på 1800-talet, medan t.d. eine sjøbu har inngravert årstalet 1814 (?). Både naustet og eine sjøbua er i seinare år restaurert med støtte frå Norsk Kulturminnefond. Foto: Bjørn Magne Hansen</p>	
--	--



3.1.20 Little Færøy

<p>Gard nr 23 bruk nr 4 og 5 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: Nei Status: Ikke freda Sefrakregisterert: Ja Little Færøy husmannsplass ligg midt i leia, og er eit godt døme på korleis ein fann levegrunnlag både med gardsdrift og fiske. Som husmannsplass hadde ein arbeidsplikt ved hovudbruket Stokkevåg. Husmannsplassen er i dag eigd av Little Færøyna kystkulturlag og har etter kvart fått mange bygningar: Våningshus (frå 1800-talet), flor, 3 naust (der det eine er Kystledsnaust), sjå og utedo. I seinare år er våningshuset restaurert med støtte frå Norsk Kulturminnefond. I tillegg er her mange tradisjonsbåtar, både eldre og nybygde, som vert nytta i leir- og kursverksemd. Foto: Bjørn Magne Hansen</p>	
---	--



3.1.21 Utefloren ved Valsvatnet

<p>Gard nr 26 bruk nr 4 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: Nei Status: Ikkje freda Sefrakregisterert: Ja Utefloren hører til bruk nr 4 på Hardbakke, der både kyr og sauher gjekk i utmarka. I dag står grunnmuren att av bygget som ein gong var viktig for gardsdrifta, der òg hadde uteflor på Teigeneset, i tillegg til naust og sjøbu. Foto 2023: Bjørn Magne Hansen</p>	
---	--

3.1.22 Båtnaust Skarnagel


<p>Gard nr 51 bruk nr 1 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: Nei Status: Ikkje freda Sefrakregisterert: Ja Båtnaustet er eit av svært få bygg i Solund med endevegg av stein. Nokre få andre bygg finnast i indre del av kommunen. Naustet er eit grindebygg, med teglstein som taktekking.-----+++++ Foto 2004: Bjørn Magne Hansen</p>	
---	--



3.1.23 Krambu på Enstad

<p>Gard nr 49 bruk nr 1 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: Nei Status: Ikkje freda Sefrakregisterert: Ja</p> <p>Lengst nordaust i Solund ligg garden enstad. Ved sjøen er det 2 sefrakregistererte sjøbuer, der den eine hadde krambu. Her var det i tillegg brevhus og så postopneri.</p> <p>Foto 2004: Bjørn Magne Hansen</p>	
---	---

3.1.24 Langnaustet på Tungodden

<p>Gard nr 14 bruk nr 2 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: Nei Status: Ikkje freda Sefrakregisterert: Ja</p> <p>Naustet høyrer til hovudbruket på Tungodden, er eit grindebygg og måler heile 23,5 x 6,3 meter. Naustet er ein del av eit større bygningsmiljø, med sjøbu, flor, våningshus m.m.</p> <p>Foto 2022: Bjørn Magne Hansen</p>	
---	--



3.1.25 Tingstova i Kråkevåg

Gard nr 46 bruk nr 1 Registrert i Kulturminnesøk: Nei Ask ID: Nei Status: Ikkje freda Sefrakregistrert: Ja Kråkevåg var fram til 2. Verdskrigen sete for lensmannen i Solund. I tunet på bruk nr 1 står tingstova, som vart bygt i 1837. Foto:	
--	--



Vedlegg 2: Kjelder til vidare kunnskap om kulturminne i Solund

1. Digitale kjelder

www.kulturminnesok.no

www.fylkesatlas.no

(inneholder m.a. stadnamnregistrering,
kulturminne og sefrakregistrete bygg)

2. Utgjeve av Solund sogenemnd

Alf Steinsøy: *Solund Gards- og ættesøge til 1980. Band I*
Solund sogenemnd 1982

Solund Gards- og ættesøge til 1980. Band II
Solund sogenemnd 1982

Krigshendingar i havkanten. Frå Solund krigsåra 1940-1945
Solund sogenemnd 1987

3. Utgjeve av skulen på Hardbakke (dåverande Solund ungdomsskule)

Inge Geithus, Magne Hamre m.fl.
Huset og garden. Lokalhistorie frå Solund
Skulen på Hardbakke 1980

Knut Fimreite, Sverre Juvik, Magne Hamre, Hans H. Steinsund:
På tun og tofte. Lokalhistorie frå Solund
Skulen på Hardbakke 1981

4. Utgjeve av Solund sogelag

Solund sogelag: *På kjøl mellom kystperler i Askvoll og Solund.*
Kulturhistorisk vegvisar for øyhopperar
Solund sogelag 2005

Solund sogelag: *På kjøl mellom kystperler i Nord-Solund. Kulturhistorisk*
vegvisar for øyhopperar
Solund sogelag 2006

Solund sogelag: *Solund sokeskrift år 2001*
Solund sogelag 2001

Solund sogelag: *Solund sokeskrift år 2002*
Solund sogelag 2002



- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2003*
Solund sogelag 2003
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2004*
Solund sogelag 2004
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2005*
Solund sogelag 2005
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2006*
Solund sogelag 2006
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2007*
Solund sogelag 2007
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2008*
Solund sogelag 2008
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2009*
Solund sogelag 2009
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2010*
Solund sogelag 2010
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2011*
Solund sogelag 2011
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2012*
Solund sogelag 2012
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2013*
Solund sogelag 2013
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2014*
Solund sogelag 2014
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2015*
Solund sogelag 2015
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2016-18*
Solund sogelag 2018
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2019*
Solund sogelag 2019
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2020*
Solund sogelag 2020
- Solund sogelag: *Solund sogneskift år 2021*
Solund sogelag 2021



Solund sogelag:	<i>Solund sokeskrift år 2022</i> Solund sogelag 2022
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2005</i> Solund sogelag 2004
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2006</i> Solund sogelag 2005
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2007</i> Solund sogelag 2006
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2008</i> Solund sogelag 2007
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2009</i> Solund sogelag 2008
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2010</i> Solund sogelag 2009
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2011</i> Solund sogelag 2010
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2012</i> Solund sogelag 2011
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2013</i> Solund sogelag 2012
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2014</i> Solund sogelag 2013
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2014</i> Solund sogelag 2013
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2021</i> Solund sogelag 2020
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2022</i> Solund sogelag 2021
Solund sogelag:	<i>Solundkalenderen 2023</i> Solund sogelag 2022
<i>Solund sogelag:</i>	<i>Solund kyrkje 150 år</i> Solund sogelag 2010
<i>Solund sogelag:</i>	<i>Sommarkveld i Solund. Song og spel i Solundtradisjon</i>



5. Utgjeve av andre

- Reidar Engevik: *Hersvik sokn og kyrkje 100 år 10. Nov. 1991*
Hersvik sokneråd 1991
- Reidar Engevik: *Husøy kyrkje 100 år 1896-1996. Husøy sokn frå 1. kr. tid til i dag*
Husøy sokneråd 1996
- Kristin Ese: *Hard strid for riksveg i Solund*
i «Kulturhistorisk leksikon», Fylkesarkivet i Vestland
- Per Fett: Førhistoriske minne i Sogn. Solund prestegjeld og Hyllestad prestegjeld
Universitetet i Bergen, Historisk Museum 1954
- Finn Borgen Førsund: *Dampen og kaia. Stoppestader for Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane 1858-1998*
Selja Forlag 1998
- Anders Gjerde: *Handelsstaden Husøy* i «Kulturhistorisk leksikon»,
Fylkesarkivet i Vestland
- Magne Hamre: *Solund skulemusikk 40 år*
Solund skulemusikk 2012
- Inger Thorun Hjelmervik
Kjerringkavet. Fiskarkvinner i Sogn og Fjordane fortel
Selja Forlag og Sogn og Fjordane Fiskarkvinnelag 2004
- Karl Egil Johansen: *Fiskarsoga for Sogn og Fjordane 1860-1980*
Universitetsforlaget 1982
- Ivar Kleiva: *Gulen i gammal og ny tid. Gards- og ættesoga. Band 1.*
2. utgåve
Gulen kommune 1996



(med gards- og ættesoge for Losna, som vart lagt til Solund i 1964)

Hermund Kleppa: *Historiske Losna - på informasjonsskilt
Minnestein over Jon J Hop
Om tønner til sild og anna
Skonnert «Iris» forliste ved Solund 1891
Vraket av betongbåt ved Ospa i Solund»*
i «Kulturhistorisk leksikon», Fylkesarkivet i Vestland

Hermund Kleppa, Kjerstin Risnes, Kianne Schmidt Vindenes (red.)
Året 1905 i Sogn og Fjordane
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Skald AS 2005

Åse Kongsvik og Kari Støfringsdal
Fjordamat
Selja Forlag og Sogn og Fjordane Bygdekvinnelag 2008

Harald Johannes Krøvel og Harald Endre Tafjord:
*Soga om Sogn og Fjordane. Band 1
Folk i fjordrike før 1763*
Fagbokforlaget 2017

Øyvind Kråkås: *Sulefisk 25 år 1984-2009*
Sulefisk AS 2010

Cecilie Lovise og Svein Mjåtvædt (red.):
“*Sulingane seie so... Folkeminne fra Solund*”
Norsk Folkeminnelags skrifter 124, Oslo 1981
(Stoffet samla inn vinteren 1974/75 av 46 grunnskule-elevar og 2 lærarar i Solund.)

Posten Norge BA, 6924 Hardbakke:
Bilete frå Solund
(vedlegg til “Folkets bilder. Hele Norges fotoalbum gjennom 100 år”, Postens frimerketjeneste og VG, Oslo 1999)

Alf Strand og Odd Jan Lien:
Solund i fortid og notid. Eit framlegg til undervisningsopplegg i lokalhistorie for grunnskulen
Eige forlag, Bergen 1981

Otto Odland: *Sulalappen*
Soknepresten i Solund ... - 1981)
(bladet var forløparen til Kyrkjeblad for Solund)

Kjersti Risnes: *1905 - Solund kommune*
i «Kulturhistorisk leksikon», Fylkesarkivet i Vestland



- Marit Anita Skrede: *Frå vikinggrav til verdsveven. Formidling av forhistorie og eldre historie frå Sogn og Fjordane. Rapport 3 frå prosjektet «Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling» i Sogn og Fjordane»*
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kultur 2008
- Johs. Solem: *Filippiner-Lund. Den fattige fiskergutt fra Sogn, som ble en av Norges mest særpregede misjonærer.*
AS Lunde & Co.s Forlag, Bergen 1944
- Solund sokneråd, Hersvik sokneråd, Husøy sokneråd:
Kyrkjeblad for Solund
(frå 1982 (1- 4 utgåver årleg)
- Ottar Starheim: *Fylkesleksikon Sogn og Fjordane. Bind III. Luster Lærdal Naustdal Selje Sogndal Solund*
NRK Sogn og Fjordane i samarbeid med NRK Aktivum
2009
- Ottar Starheim: *Tida flyg. Historiske flyfoto frå Sogn og Fjordane.*
Basert på Johan Ottesens fotoarkiv
Selja Forlag 2004
- Hans H. Steinsund: *Anna Herland - første kvinnelege ordførar i Sogn og Fjordane»*
Begla - våpenlager med mørke skuggar
Bernhard Færøyvik - nybrotsmann i båthistorie
Båtreparatøren - nødvendig ledd i kystsamfunnet
Dampsksakaia - økonomisk og sosial nyvinning
Dei første vegane i Solund
Det gamle ungdomshuset på Hardbakke
Filippiner-Lund vidkjend og avhalden misjonær
Fiskemedha - nøklar til havsens grøde
Fiskeriverksemda på Færøy
Fornminne i myr og stein
Gamleskulen på Hardbakke
Gardskvernar i Solun»
Handelsstaden Gåsvær
Handelsstaden Steinsundholmen
Hess-drifta i Buskøy
Hugøy - vaktstasjon på Hugøyknolten
Husefjellet - vaktstasjon til fjells
Indrøy handelsstad
Jaktefart og sognesæring
Klippfisktørking i Solund
Kobbeskjul - gøyemestader i strandkanten
Konglomerat til plage, nytte og pryde
Landnotfisket etter storsild i Solund
Losnariddarane - viktige brikker i rikssoga



*Med sulespringar på dansefoten
Mercantil Marica-havariet i Solund - ei eldprøve i
oljevernarbeid
Minnesmerke på Ospa - om MTB 345-tragedien
Oldra - stort våpenlager i berghole
Omgangsskulen i Solund, ein runddans frå dør til dør
Ospa - idyll med sterk krigshistorie
Potetforliset ved Seglsteinen
Påting - eit ressursvenleg palefiske
Saltebuene - sjøhus flytta frå utværa
Saukvea - utegangssauen sin frisørsalong
Shetlandsfart - gavlar og skøyter på vest
Sildevågar og notaberg
Skipsforlis og strandigar i Solund
Solundleiene - ferdsselsårer mellom nord og sør
Storsundet - viktig base for illegalt arbeid under krigen
Størjefisket - storfiske på 1950-talet
Tungodden - signalstasjon i kuleregn
Utvær - vegvisaren lengst vest
Utvær skipreide - forsvarsområde med leidangsskip og
vetar
Vasstandsmerke i Solund
Østersdyrkning i Solund
i «Kulturhistorisk leksikon», Fylkesarkivet i Vestland*

Hans H. Steinsund: *Laksevind* (diktsamling)
Publica Bok 2017

Hans H. Steinsund: *Nordsjøløypa Utvær. På dørhella til Nordsjøen.*
Solund kommune, North Sea Trail

Hans H. Steinsund: *Nordsjøløypa Ytre Sula. Langs Nordsjøkanten.*
Solund kommune, North Sea Trail

Hans H. Steinsund: *Nordsjøløypa Steinsundøy. På sti og tofte gjennom
kulturlandskapet.*
Solund kommune, North Sea Trail

Hans H. Steinsund: *Nordsjøløypa Færøy. Langs Norsjøkanten.*
Solund kommune, North Sea Trail

Hans H. Steinsund og Hermund Kleppa:
*Krigsgrav ved Solund kyrkje - Bjarne Peder Nesøy
Minnestøtta over falne ved Hersvik kyrkje
Minnestøtta over falne ved Husøy kyrkje i Straumen
Minnestøtta over falne ved Solund kyrkje på Hardbakke*
i «Kulturhistorisk leksikon», Fylkesarkivet i Vestland

Hans H. Steinsund, Malvin Toft m.fl.:



Båtar med sjel III. 71 fiske- og fraktebåtar frå Vestlandet
Selja forlag 2009

Alf Magnar Strand: (Diktsamlingar:
I leik med livet
Publica Bok, Sandnes 2009

Så glad i lyset
Publica Bok, Sandnes 2013

Sommar i september
Publica Bok, Sandnes 2015

Små bitar - stort bilde : dikt
Bodoni forlag, Bergen 2019

Alf Magnar Strand, Odd Jan Lien:
Solund i fortid og notid : eit framlegg til undervisningsopplegg i lokalhistorie for grunnskulen
Eige forlag, Bergen 1981

Alf Strand: *Nordlandsfarar frå Solund*
Sulingar i vesterveg
i «Kulturhistorisk leksikon», Fylkesarkivet i Vestland

Malvin Toft: *Båtar med sjel I. 78 fiske- og fraktebåtar frå Vestlandet*
Selja forlag

Malvin Toft m.fl *Båtar med sjel II. 67 fiske- og fraktebåtar frå Sogn og Fjordane»*
Selja forlag 2007

Malvin Toft m.fl. *Krigsseglarar*
Selja forlag 2008

Siv C. Westbye: *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Solund kommune.*
Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern.
Rapport nr. 21
Sogn og Fjordane Distriktshøgskule, Avdeling for
Landskapsøkologi, Samarbeidsgruppa i Sogn og
Fjordane 1991

Alexander Wisting: *Forfulgt av staten. Den nådeløse jakten på norske kommunister*
Kagge Forlag AS, Oslo 2020
(om m.a. Schrøder Evensen og dottera Cecilie Evensen)

Margrethe Henden Aaraas, Anders Gjerde:
Kyrkjestaden Husøy
Kyrkjestaden Utvær



Solund kyrkje
i «Kulturhistorisk leksikon», Fylkesarkivet i Vestland

Margrethe Henden Aaraas, Torkjell Djupedal, Sigurd Vengen og Finn Borgen
Førstund:

På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane. 1. Nordfjord og Sunnfjord
Selja forlag, Sogn og Fjordane fylkeskommunen 2000

Margrethe Henden Aaraas, Torkjell Djupedal, Sigurd Vengen og Finn Borgen
Førstund:

På kyrkjeferde i Sogn og Fjordane. 2. Sogn
Selja forlag, Sogn og Fjordane fylkeskommunen 2000

Margrethe Henden Aaraas, Sigurd Vengen, Anders Gjerde:

Hersvik kyrkje
i «Kulturhistorisk leksikon», Fylkesarkivet i Vestland

Per Arvid Ølmheim: *Frå Gygrekjeften til Gygraøyri. Ei nettreise i natur og kultur. Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane. Rapport 4 frå prosjektet «Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling» i Sogn og Fjordane*
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kultur 2000

Asbjørn Rune Aa og Eivind Sønstegaard:

«Kvartærgeologisk verneverdige førekomstar i Sogn og Fjordane» Utredning for DN Nr. 1994- 9. Avgitt til Direktoratet for naturforvaltning.



Forsidefoto:

Dei prioriterte kulturminna i framlegget. Oppe frå venstre:

- Hardbakke Indre hamn – foto: henta frå Solund kommune.
- Little Færøyna husmannsplass – foto: Bjørn Magne Hansen.
- Råkeneset husmannsplass – foto: Bjørn Magne Hansen
- Kulturlandskapet og utefloren ved Valsvatnet – foto: Bjørn Magne Hansen.
- Grisehellaren på Hersvik - foto: BARK-rapport.
- Båtnaust på Skarnagel – foto: Oddlaug Skarnagel Hansen, Bjarne Skarnagel, Målfrid Undertun.
- Husøy – foto: Stig Steinsund.
- Indrøy handelsstad – foto: Bjørn Magne Hansen.
- Utvær fyrstasjon – foto: Bjørn Magne Hansen.

Planframlegget er utarbeida med økonomisk støtte frå Riksantikvaren og Vestland fylkeskommune. Planframlegget, med tilhøyrande dokument er utarbeida og henta fram av Cathrine Grasdal, Solund kommune og Bjørn Magne Hansen, ENK.

Takk for god hjelp frå kunnskapsrike innbyggjarar!

